



FISKERIDIREKTORATET  
Fiskeridirektøren

Fiskeri- og kystdepartementet  
Boks 8118 Dep

0032 OSLO

Sakshandsamar: Henrikke Roald  
Telefon: 97429275  
Seksjon: Fiskeridirektøren  
Vår referanse: 09/16237  
Dykkar referanse:  
Vår dato: 18.11.2009  
Dykkar dato: 01.10.2009

Att:

## HØYRINGSBREV - FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN - SVAR PÅ HØYRINGSBREV

Vi viser til Dykkar høyringsbrev 18.08.2009 om forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden. Vi har som ein del av arbeidet fått innspel frå region Sør og region Vest til høyringsbrevet, sjå vedlegg nr. 5 og 6 (./.). Fiskeridirektoratet har ikkje innhenta uttale frå Hordaland og Rogaland fylkeskommune.

### 1. Bakgrunn

Fiskeridirektoratet vil byrja med å vise til at vi på same måte som Fiskeri- og kystdepartementet meiner at det er fagleg semje i forskingsmiljøa og forvaltninga om at lakselus og rømd opprettsfisk er dei viktigaste årsakene til problema for vill laks og sjøaure i Hardangerfjorden. Vi er òg samde i at det er påkravd rask og effektiv handling for å løysa desse problema.

Fiskeridirektoratet vil gje ein kommentar til figur 1 på side 2 i høyringsbrevet.

Fiskeridirektoratet meiner figuren kunne vore betre definert, det er noko uklart korleis vi skal forstå denne figuren. Søyla til venstre er angitt som "total kapasitet". Fiskeridirektoratet forstår denne søyla som ein illustrasjon av løyve som er tildelt i Hardangerfjorden, og kor mykje biomasse som er tildelt i desse løyva. dvs. talet på tildelte løyve i Hardangerfjorden x 780 tonn maksimalt tillatt biomasse (MTB). I så fall er det i denne utrekninga ikkje teke omsyn til at nokre gamle løyve er langt større enn 780 tonn. Per 1. april 2009 er det gitt 89 løyve til matfisk av laks, aure og regnbogeare og 2 løyve til stamfisk. Den korrekte sum av biomassen i tildelte løyve i Hardangerfjorden er 78 578 tonn MTB. Det er viktig at det rette talet leggjast til grunn i det vidare.

Søyla til høgre viser "utnyttta kapasitet". Fiskeridirektoratet forstår dette som totalt ståande biomasse på lokalitetar i Hardangefjorden. På s. 5 i høyringsbrevet står det at det ikkje på noko tidspunkt i 2008 stod meir enn 48 357 tonn fisk i Hardangerfjorden. Fiskeridirektoratet er samd i dette talet.

Fiskeridirektoratet meiner det kan vera vanskeleg å samanlikne desse tala i søylene, då dei knyter seg til ulike storleikar. Å fastsetje produksjon og mogleg utnyttta kapasitet ut frå

maksimalt tillatt biomasse (MTB) er ei komplisert øving. Dette fordi regelverket som styrer næringa er samansett av faktorar som regulerer MTB både på løyve- og lokalitetsnivå.

Region Vest har laga nokre tabellar som viser utvikling i ståande rapportert biomasse i Hardanger og i Hordaland frå 2005 – 2008, samt ei liste over aktørar i Hardangerfjorden, sjå vedlegg nr 7 og 8 (//.). Fiskeridirektoratet legg desse til grunn.

Det er ulike former for drift i region Vest. Ein del av selskapa har alle sine løyve knytt til lokalitetar i Hardangerfjorden og heile verksemda si der. Andre selskap har sine løyve knytt til lokalitetar både i og utanfor Hardangerfjorden, og vil difor berre nytta ein del av sin MTB knytt til løyve innanfor Hardangerfjorden. Selskapa har ein total selskaps- eller konsernbiomasse innanfor region Vest, der løyva kan vera knytt opp mot lokalitetar både innanfor og utanfor Hardangerfjorden.

I vedlegg 7 er det lagt ved ein figur som viser utviklinga i ståande biomasse i Hardangerfjorden frå 2005 til og med august 2009, utvikling i rapportert ståande biomasse elles i Hordaland og i heile Hordaland. Dette viser at prosentvis auke i produksjonen i Hordaland truleg er i samsvar med produksjonsauken i resten av landet for 2009. Dersom ein samanliknar produksjonen i Hardangerfjorden med produksjonen i heile Hordaland i tilfeldige månader, her januar, mai og august, vil ein sjå at andel av samla produksjon varierer frå 38 – 50 % med eit snitt på 45 %. Utviklinga viser ingen tendens i retning av at ein større del av samla produksjon i Hordaland skjer i Hardanger gjennom desse åra. Auke i rapportert ståande biomasse i Hardangerfjorden frå 2005 – 2009 har likevel vore stor, i snitt 79 % auke for månadane januar til september i desse åra.

Summen av maksimalt tillate biomasse (MTB) i alle løyve til laks, aure og regnbogeaure som er gitt i Hardangerfjorden var 78 578 tonn MTB då instruksjonen trådde i kraft. Det låg an til ei stor auke i ståande biomasse ut frå søknadsmengda då frys i Hardangerfjorden vart vedteke, og dette var ei viktig grunngjeving for tiltaket.

Ståande biomasse i Hardangerfjorden per september 2009 er i følgje region Vest under 50.000 tonn, og region Vest har grunn til å tru at næringa dette året produserer maksimalt av det dei har løyve til. Næringa har innretta seg etter det forvaltningsregimet (frys) som er i Hardangerfjorden i dag, og ut frå dette meiner region Vest at den ståande biomassen i Hardangerfjorden ikkje vil kome over 50 000 tonn, men ein veit det først sikkert ved slutten av året.

## **2. Prinsipielle merknadar til forskriftsforslaget**

### **2.1 Legalitetsprinsippet**

Fiskeridirektoratet meiner at forslaget til departementet om reduksjon av summen av løyve på selskapsnivå i Hardangerfjorden reiser ei rekkje prinsipielle spørsmål.

Legalitetsprinsippet krev at forvaltninga må ha heimel i lov for å gjere inngrep i borgarane si rettssfære. Tilbaketrekking av gitte rettar er inngripande ovanfor aktørane i Hardangerfjorden, sjølv om det kan hevdast å vere eit generelt prinsipp at rammevilkår kan skjerpast på eit område, til fordel for overordna miljøomsyn. I legalitetsprinsippet ligg òg ei vurdering av om

inngrepet er forholdsmessig, og nødvendig. Det vil kunne spørjast om ikkje andre og eventuelt mindre inngripande tiltak er vurdert for å nå formålet.

Ein måte å gjere tiltaka mindre inngripande på, er å opne opp dispensasjonsmogelegheita for flytting over regiongrensene av miljøomsyn. Departementet presiserer at MTB som ikkje kan nyttast i Hardangerfjorden, kan nyttast på klarerte lokalitetar i region Vest som ikkje er omfatta av verkeområdet til forskrifta. Fiskeridirektoratet vil peike på at med forskrift om særskilte tiltak i enkelte område for akvakulturrelatert verksemd vil det bli vanskelegare å få klarert lokalitetar i dei fleste kommunane i Hordaland. Det vert i praksis svært vanskeleg å finna nye område for løyvebiomasse på om lag 30 000 tonn innan region Vest.

Fiskeridirektoratet rår til ein skal kunna gje løyve til flytting til andre regionar for dei oppdrettarane som driv med akvakultur i Hardangerfjorden, så framt dette gjev miljøvinst. Dispensasjon etter laksetildelingsforskrifta § 33 kan gje oppdrettarane i Hardangerfjorden den nødvendige fleksibiliteten i ein vanskeleg situasjon. Med atterhald om kva reduksjonsprinsipp som vert nytta for å ta ned kapasitet i Hardangerfjorden (forslaget § 6), så vil fleire av selskapa som driv i Hardangerfjorden også ha lokalitetar i andre regionar enn region Vest, og såleis kunne sjå fordelar med flytting til andre regionar. Samstundes kan moglegheita til å flytte ut av regionen vere eit incitament som kan gje ønska utvikling i akvakulturnæringa.

## **2.2 Miljømål**

Fiskeridirektoratet er samd i at problema knytt til oppdrett i området er så store at ein vanskeleg kjem utanom at kapasiteten i Hardangerfjorden må byggjast ned, men at det må skje på ein måte som sikrar at oppdrettarane oppmodast til ønskt åtferd samstundes som dei veit kva dei har å rekne med. Miljømål er såleis viktige både for å sikra at forskrifta vert pedagogisk og at ho syner konsekvens. Fiskeridirektoratet oppfordrar departementet til å byggje forskriftsforslaget på tre miljømål, jf. oversendingsbrevet 24.10.2008.

Fiskeridirektoratet foreslår at følgjande tre miljømål vert teke inn i formålsparagrafen og merknadane:

1. Det skal i snitt ikkje vere meir enn 5 % rømte individ i gytebestandane av laks i elvane Opo, Kinso, Eio, Granvinselva, Jondalselva, Steindalselva, Hattebergselva og Uskedalselva, etter at utfisking av rømt fiske er gjennomført.
2. Det skal i snitt ikkje vere meir enn 5 lus per utvandra laksesmolt fanga i forskrifta sitt verkeområde
3. Det skal ikkje vere prematurt tilbakevandrande sjøaure som er skada av lakselus i elveosen før 15. juni, og heller ikkje store opphopingar med tydeleg lakselusskada sjøaure same stad seinare i sesongen. Begge delar gjeld for eitkvart vassdrag innanfor forskrifta sitt verkeområde.

Det er noko usikkert om miljømåla er optimale, men dei er dei mest hensiktsmessige som Fiskeridirektoratet kan foreslå på noverande tidspunkt. Fiskeridirektoratet syner til utdjupeinga av dei tre miljømåla i oversendingsbrevet 24.10.2008.

Fiskeridirektoratet meiner at å setje opp miljømål som ein del av formålet med forskrifta vil betre forståinga for nedbygging i Hardangerfjorden. Fiskeridirektoratet meiner at nedbygginga av risiko for uønskt verknad av oppdrett på miljøet må styrast etter miljømål. Miljømåla vil

tene i alle fall to ulike hensikter: For det første vil miljømåla oppfordra til alle former for endra åtferd som vil vera relevant ut frå formålet og ikkje berre fokusera på redusert kapasitet. Det vil gje oppdrettarane moglegheit til sjølv å påverke kor strenge og i kva form ytterlegare innskrenkingar skal vere. For det andre vil miljømåla skapa rettsvise for næringa, dersom måla ikkje vert nådd vil det vere naudsynt med strengare tiltak.

Fiskeridirektoratet ser ikkje det som dokumentert at ei nedbygging av legal kapasitet til rundt 50.000 tonn vil vera tilstrekkeleg for å nå ein berekraftig situasjon i Hardangerfjorden. Det kan vere at omfanget av oppdrettsverksemda må ytterligere reduserast dersom ikkje kvaliteten på drifta (målt som miljøverknad per laks i oppdrett) vert dramatisk betre. Einsidig bruk av redusert kapasitet som inngrep vil på den eine sida gje risiko for at ikkje relevante verkemiddel for å betre drifta vert tekne i bruk og at såleis berre den mest inngripande reguleringa vert nytta i eit omfang som elles ikkje hadde vert naudsynt. På den andre sida vil einsidig bruk av redusert kapasitet som inngrep gje risiko for at ein ikkje vil oppnå ein berekraftig situasjon av di ein ikkje får tilslutnad for eit tilstrekkeleg lågt nivå av ståande biomasse i området. Fiskeridirektoratet vurderer difor at dersom forslaget til forskrift vert fastsett utan vesentlege endringar, så vil det være stor risiko for at *både* næringa og miljøet vert påført ulempe og skade *utan* at ein når formålet i forskrifta.

Dei tre miljømåla som Fiskeridirektoratet foreslår er styringsparameter, og vil krevje at det gjennomførast eit eigna måleprogram. Det vil sikkert, med større og mindre fagleg belegg, kunne kome innvendingar mot tålegrensene, både kven som er valt, kva område dei skal gjelde for og nivået desse leggjast på. Fiskeridirektoratet meiner likevel det er grunnlag for å signalisere og vedta eit førstegenerasjonssett med slike mål. Tålegrensene er foreslått ut frå beste kunnskap og skjønn. Desse bør sjølvstilt evaluert med jamne mellomrom.

Miljømåla må evaluerast etter ei viss tid, t.d. tre år. Fiskeridirektoratet ber om at departementet gir rette forvaltningsmyndigheit og Havforskningsinstituttet i oppdrag å gjere evalueringa av om måla er nådd eller ikkje. For å evaluere måloppnåinga må det gjennomførast eit årleg måleprogram. Det er heilt nødvendig at eit slikt måleprogram kjem i gong allereie frå og med 2010, dette fordi ein kan vente store naturlege variasjonar, samt ein viss statistisk usikkerheit kring minst eitt av miljømåla. Gitt at miljømåla ikkje vert nådd innan tre år ved at næringa betrar miljøkvaliteten på drifta, må ytterlegare tiltak vurderast. Vidare må måla evaluerast som mål. Det kan vere aktuelt å presisere dei føreslegne måla eller å ta inn nye, til dømes knytt mot sjukdomsrisiko.

Dersom evalueringa viser at miljømåla ikkje er nådd, må nye inngripande tiltak vurderast, og endringane må då på høyring som endringar av forskrifta.

Fiskeridirektoratet understrekar at dersom evalueringa viser at miljømåla vert nådd, vil det ikkje nødvendigvis seie at forskrifta må opphevast. Miljømåla vil vere eit styringsverktøy som bidreg til å vurdere om ein skal tillate ny oppbygging av løyve i Hardangerfjorden.

### **2.3 Historisk utnytting av løyve**

Fiskeridirektoratet er usikker på kva grunnar som ligg bak talet på 50 000 tonn MTB som reguleringsmål. Dersom departementet byggjer talet 50 000 tonn MTB på korleis løyva i Hardangerfjorden historisk sett faktisk har vorte nytta, må den einskilde aktør si faktiske

utnytting leggjast til grunn. Det er ikkje nødvendigvis slik at utnyttinga har skjedd synkront mellom aktørane, då dei kan ha toppar i produksjonen på ulike tidspunkt. Dersom talet 50 000 tonn MTB byggjer på ein slik tanke burde ein undersøkt kva den enkelte aktør maksimalt har hatt av fisk i sjø, uavhengig av tidspunkt, i staden for setje talet ut frå kva som kollektivt sett er nytta på eit gitt tidspunkt.

Fiskeridirektoratet meiner som sagt over at forskrifta må innrettast slik at det setjast fokus på kvaliteten på drifta, ikkje berre på å få ned omfanget av drifta i Hardangerfjorden. Fiskeridirektoratet meiner at det må regulerast etter miljøeffekt for å nå formålet i forskrifta. Enkelt sagt vil miljøeffekt av oppdrett vere eit produkt av mengde fisk i oppdrett og kvaliteten på drifta for dei same oppdrettsfiskane.

Som eit mellomsteg kan det av praktiske og fornuftige grunnar like fullt vere riktig å ta ned den legale kapasiteten til det nivået som departementet gjer framlegg om. Dette fordi at andre alternative grep kan ta lenger tid. Direktoratet meiner at effekten av dette må evaluerast med miljømåla nemnt tidlegare.

#### **2.4 Forholdet mellom ulike forvaltningsregime**

Fiskeridirektoratet meiner at dei ulike forvaltningsregima – Hardangerfjordforskrifta, forskrifta om særskilte tiltak i enkelte område for akvakulturrelatert verksemd (13.10.2009) og forskrifta om nasjonale laksefjordar (01.08.2009) må sjåast i samanheng.

Etter høyringsforslaget til forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden § 5 tredje ledd kan det etter søknad gjevast løyve til utviding eller klarering eller samlokalisering til eksisterande verksemder dersom dette er *"nødvendig eller klart fordelaktig med omsyn til fiskehelse og miljø"*.

Vidare står det i § 5 fjerde ledd at *"det kan sendast melding om samlokalisering til lokalitetar utanfor Hardangerfjorden"*.

Etter forskrift om særskilte tiltak i enkelte område for akvakulturrelatert verksemd § 3 tredje ledd kan det etter søknad gjevast løyve til utviding eller klarering av akvakulturlokalitetar eller samlokalisering til eksisterande verksemder dersom dette er *"nødvendig eller klart fordelaktig med hensyn til miljømessig bærekraft"*.

Det står i § 3 andre ledd at det *"ikke tillates samlokalisering etter melding iht. laksetildelingsforskriften § 37"*.

Etter forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar § 3 fjerde ledd er det *"ikke tillatt å øke produksjonskapasiteten på allerede etablerte lokaliteter, eller overføre kapasitet fra akvakulturtillatelser eller felles biomassetak utenfra og inn i en nasjonal laksefjord"*. Det står i § 17 første ledd at Fiskeridirektoratet i "særlige tilfeller" kan dispensere frå føresegna.

Ut frå denne samanlikninga må det avklarast om det er høve til å melde løyve frå Hardangerfjorden inn til dei nye "frysområda" i Midthordland og Sunnhordland.

### **2.4.1 Ansvar for forvaltning**

Eit anna sentralt spørsmål er kven som skal ha forvaltningsansvaret for forvaltninga av dei tre regima. Frå 01.01.2010 har fylkeskommunen i oppgåve å tildele nye akvakulturløyve. Samstundes får fylkeskommunen ansvar for forvaltninga av nasjonale laksevassdrag og laksefjorlar. Det sentrale spørsmålet er om fylkeskommunen også skal ha ansvaret for forskrift om særskilte tiltak i enkelte område for akvakulturrelatert verksemd. Det går ikkje fram av forskriftsteksten kven som skal ha forvaltningsansvaret.

Fiskeridirektoratet vil rå til at ein i størst mogeleg grad sikrar ei konsekvent deling av myndigheit etter lova og ikkje å leggja andre "delingsmodellar" til grunn i område med høgare risiko for uakseptabel miljøtilstand. Direktoratet vil peike på at miljøomsyn er ein integrert del av tildelingsmyndigheiten sitt ansvar, og det vil vera sær uheldig dersom det med urette vert danna eit inntrykk av at fylkeskommunane ikkje er i stand til å ta denne delen av ansvaret. Det vil vera viktig at departementet syter for at miljøomsyn vert tilstrekkelig operasjonalisert i forskriftene, og direktoratet meiner at det er fullt mogeleg å nå i den nye Hardangerfjordforskrifta. For ordens skuld vil direktoratet streka under at dette ikkje endrar grenseoppgangen mellom tildelings- og kontrollmyndet.

### **2.5 Fiskeridirektoratet si primære tilråding**

Direktoratet rår til at det vert sett opp og styrt etter konkrete miljømål for å nå miljømessig berekraft hos fiskeoppdrettsnæringa i Hardangerfjorden. Det er viktig at næringa får eit reelt høve til å områ seg, og direktoratet rår difor til at det kan opnast for å gje dispensasjon etter laksetildelingsforskrifta § 33 slik at tilstrekkeleg mengd med løyve kan flyttast til område som har betre miljømessig toleevne utanfor regionen. Dersom ein da ikkje kjem ned på eit miljømessig naudsynt samla nivå på oppdrettsløyve i Hardangerfjorden, eventuelt i kombinasjon med eit framlegg som 100% av aktørane står bak, så må forskrifta vere lagd slik at det går klart fram korleis kapasiteten skal tas ned om ikkje dette skjer friviljug.

## **3. Nærmare om høyringsforslaget**

Dersom departementet ikkje finn å kunne følgja direktoratet si primære tilråding, så meiner direktoratet at forslaget til forskrift likevel kan gjerast betre på fleire punkt. Fleire av reglane må truleg uansett nyttast om ein ikkje når fram med friviljuge ordningar.

Fiskeridirektoratet sine merknader er tatt inn i vedlegg 1 (./).

## **4. Økonomiske og administrative konsekvenser**

### **4.1 For forvaltninga**

Region Vest peiker på at gjennomføringa av forskrifta i form av sakshandsaming vil verta svært krevjande, avhengig av kva alternativ som blir vald for reduksjon av biomasse. Endring i driftsopplegg på grunn av utflytting av produksjonen vil føre til meir arbeid med godkjenning av driftsplanar. Hyppigare kontrollar i området vil krevje større ressursar.

Region Vest ønskjer at ein ser meir heilskapleg på regionen og forholdet mellom Hardangerfjorden om dei nye "frysområda" i Sunnhordland og Midthordland. Region Vest tolkar regelverket slik at det ikkje er høve til å flytte kapasitet ut frå Hardangerfjorden til dei nye "frysområda" utanfor, dvs. Midthordland og Sunnhordland. Dette fordi miljøproblema

ikkje blir løyst ved å flytte kapasitet i Hardangerfjorden ut i "frysområda" utanfor, då desse områda allereie er så fulle at det vil vera liten mogelegheit for å finne nye lokalitetar og utviding av eksisterande lokalitetar. Flytting av kapasitet vil berre flytte problemet, ikkje løyse det.

Region Vest meiner at Nordhordland og Sogn og Fjordane er dei områda i region Vest som løyve kan flyttast til frå Hardangerfjorden. Ved å leggje denne tolkinga til grunn slepp ein å gå inn i desse svært vanskelege vurderingane om flytting frå Hardangerfjorden inn i dei nye "frysområda" i Sunnhordland og Midthordland.

Ein må her sjå på realitetane ut frå omsynet til miljømessig berekraft. Ein mogleg struktur i Hordaland er anten

- I. Stordrift, eller
- II. Mogelegheit til å flytte utanfor regionen.

#### **4.2 For næringa**

I høyringsbrevet skriv Fiskeri – og kystdepartementet at tiltaka i forskrifta på kort sikt vil kunne medføre auka utgifter og byrder for oppdrettarane. Departementet meiner at næringa totalt sett og over tid, likevel vil tene på dei føreslegne tiltaka, då desse vil betre sjukdomsstatus og felles handtering av drifta innan dei smittehygieniske fellesområda.

Fiskeridirektoratet meiner også at høyringsforslaget på sikt vil tene næringa, og då ikkje berre ut frå sjukdomssituasjonen. Det vil vera naudsynt for næringa å drive med ein akseptabel risiko for uønska miljøeffektar. Risiko for dette er og har vore uakseptabel høg i Hardangerfjorden. Med mindre departementet endrar måla for kva som er miljømessig akseptabelt, noko direktoratet ikkje tilrår, vil manglande tiltak no auke sjansane for at meir inngripande tiltak vert naudsynte seinare.

Fiskeridirektoratet meiner at departementet sitt forslag til Hardangerfjordforskrift vil ramma næringsaktørane ulikt. Einskilde selskap vil bli ramma hardare enn andre, og dette må sjåast i lys av dei ulike alternativa for reduksjon av løyve i Hardangerfjorden.

Region Vest peiker på at krava til gjennomføringa av reduksjon av løyve kan verke sterkt konkurransevridande, og det er difor viktig at næringa får tid til å planleggje og gjennomføre omorganiseringa. Region Vest viser til at næringa har hatt tid til å tilpassa seg "frys"-instruksjonen som vedkjem alle selskap i fjorden. Produksjonen i Hardangerfjorden har innanfor "frys"-regimet ikkje på noko tidspunkt overstege 50 000 tonn MTB ståande biomasse, sjølv om det er grunn til å anta at alle selskap produserer det dei er i stand til innanfor tildelt MTB. Etter region Vest sitt syn er ikkje forslaget om reduksjon i biomasse tilstrekkeleg kunnskapsbasert sett i lys av dei konsekvensar dette får for einskilte aktørar, og for akvakulturnæringa på Vestlandet. Region Vest meiner at departementet må vurdere om ikkje målet med "frys"-instruksjonen alt er oppnådd utan å leggje ytterlegare kostnadar på akvakulturnæringa i Hardangerfjorden.

Fiskeridirektoratet er ikkje samd i dette synspunktet, og meiner at ei nedbygging av løyve er naudsynt for å få til ei miljømessig berekraftig akvakulturnæring. Fiskeridirektoratet er heller ikkje fullt ut samd i at målsetjinga med "frys"-forskrifta alt er nådd. Direktoratet vil også

peika på at "frys"-forskrifta var eit førebels tiltak som i seg sjølv ikkje var eigna til å etablera miljømessig berekraft i Hardangerfjorden.

Fiskeridirektoratet region Vest vil gjere merksam på at eit einssidig fokus på Hardangerfjordområdet, løyve-MTB og lokalitets-MTB kan verke mot si hensikt i forhold til formålet med forskrifta. Problema med rømming, lus og sjukdom er ikkje noko særskilt "Hardangerfjord-problem", men grunna små villfiskbestandar og mykje oppdrettsaktivitet i området, vil ein kanskje sjå utviklinga her først. Det har også vore relativt større forskingsinnsats i området samanlikna med andre område med akvakultur. Region Vest meiner at dette kan ha medført at ein er meir merksam på problema i Hardangerfjorden enn i andre område. Region Vest fryktar at ein ved einssidig og storstilt forskyving av produksjonen til andre område i regionen kan forskyve problema, og forsterke dei. Fiskeridirektoratet er samd i denne uroa, memener at dette sjølvsagt ikkje kan vera eit argument mot tiltak i Hardangerfjorden. Konsekvensen av erkjenninga av eit geografisk meir omfemnande miljøproblem er at forskning – og forvaltningsinnsatsen må aukast. Dette vil krevja auka ressursar.

### **4.3 For miljøet**

Fiskeri- og kystdepartementet skriv i høyringsbrevet at det er venta at tiltaka i forskrifta vil gje positive effektar for ville bestandar av fisk og miljøforholda generelt i Hardangerfjorden.

Fiskeridirektoratet region Vest gir innspel til at det opprettast eit prøveprosjekt for å kunne spore rømt oppdrettsfisk. Ideen til prosjektet går ut på at ein skal ta prøver frå alle utsett før fisken blir utsett i sjø. Ved rømming av fisk på eit seinare tidspunkt frå ukjend kjelde, vil ein ikkje vere avhengig av å ta prøvar frå ulike anlegg, for å kunne samanlikne prøvar for den rømte fisken. Region Vest ber om at dette innspelet vert vurdert i samband med forskning – og tiltak for overvaking for Hardangerfjorden.

Fiskeridirektoratet støttar dette, og rår til at dette vert sett i samband med forskingsinnsatsen til Havforskningsinstituttet i Hardangerfjorden.

Fiskeridirektoratet har i sine prinsipielle merknadar til departementet sitt framlegg (vårt kapittel 2) peika på at det er vesentleg risiko for at tiltaka, slik som dei er foreslått, ikkje er tilstrekkelege for å nå ein akseptabel miljøtilstand i Hardangerfjorden. Endringane som direktoratet legg fram vil redusera denne risikoen.

Med helsing

Liv Holmefjord  
Fiskeridirektør

Jens Chr. Holm  
Direktør

Til saman 8 vedlegg (sjå liste)



**Liste over vedlegg**

1. Kommentarer til utkastet til forskrift
2. Hardangerfjorden – avgrensing
3. Liste over regional MTB for løyve til laksefisk i Hardangerfjorden
4. Rekneark Hardangerfjorden
5. Høyringsuttale frå Fiskeridirektoratet region Sør
6. Høyringsuttale frå Fiskeridirektoratet region Vest
7. Biomasse lokalitetsnivå Hordaland 2005-2009 (rekneark)
8. Oversikt MTB med alternative reduksjonar (rekneark)

**Kopi til:**

Rolf Blikshavn

Vidar Baarøy

Fiskeri- og kystdepartementet

Boks 8118 Dep

0032 OSLO

Jens Christian Holm

Liv Holmefjord

Lise Kvinnsland

Anne-Karin Natås

Region Finnmark

Postboks 185 Sentrum

5804 BERGEN

Region Møre og Romsdal

Postboks 185 Sentrum

5804 BERGEN

Region Nordland

Postboks 185 Sentrum

5804 BERGEN

Region Sør

Postboks 185 Sentrum

5804 BERGEN

Region Troms

Postboks 185 Sentrum

5804 BERGEN

Region Trøndelag

Postboks 185 Sentrum

5804 BERGEN

Region Vest

Postboks 185 Sentrum

5804 BERGEN

## VEDLEGG 1

### Utkast til forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden – høyringsinnspel frå Fiskeridirektoratet

Dette vedlegget består av to delar, del A er ein kommentardel, del B syner Fiskeridirektoratet sine forslag til departementet sitt forskriftsforlag.

#### **Del A: Kommenterarar til dei einskilde reglane i forskriftsforlaget**

Dersom departementet ikkje finn å kunne følgja direktoratet si primære tilråding, så meiner direktoratet at forslaget til forskrift likevel kan gjerast betre på fleire punkt. Fleire av reglane må truleg uansett nyttast om ein ikkje når fram med friviljuge ordningar.

#### **§ 1 Formål**

Fiskeridirektoratet er samd i formulering av formålet. Fiskeridirektoratet vil i tillegg ha dei tre miljømåla inn som ein del av formålet.

#### **§ 2 Sakleg verkeområde**

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår at forskrifta omfattar "*oppdrett med laks, aure og regnbogeaure*". Marin fisk er ikkje omfatta av høyringsforlaget.

Uavhengig av forslaget til ny Hardangerfjordforskrift arbeider akvakulturnæringa med å få på plass ein betre lokalitetsstruktur i området. På bakgrunn av dette meiner departementet at det vil vere uheldig å gje nye løyve til marin fisk i Hardangerfjorden, og foreslår difor å stanse tildelinga av slike løyve i området. Høyringsbrev med tittel "Nye bestemmelser om torskeoppdrett" har høyringsfrist 18.11.2009. Vidare har Fiskeri- og kystdepartementet i brev 19.08.2009 bedt Fiskeridirektoratet om særleg å følgje opp føresegnene om passivitet i laksetildelingsforskrifta og tidelingsforskrifta for andre artar i Hardangerfjorden.

Fiskeridirektoratet meiner at ordet "*oppdrett*" erstattast med "*akvakultur*" jf. lov om akvakultur. Elles er Fiskeridirektoratet samd i formuleringa av § 2.

#### **§ 3 Geografisk verkeområde**

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår at forskrifta skal gjelde innanfor eit område som omfattar Hardangerfjorden, Klosterfjorden og Bømlafjorden. Det geografiske verkeområdet går fram av § 3 i forslaget, jf. vedlegg 1 til forskrifta. Vedlegg 1 byggjer på grenser trekt opp i norsk fjordkatalog.

Fiskeri- og kystdepartementet meiner at det på bakgrunn av ei fagleg vurdering av straumretningane i området, kan vere mogleg at verkeområdet for forskrifta bør utvidast til også å omfatte Langenuen, og ber om høyringsinstansane sitt syn på dette.

Fiskeridirektoratet har ikkje sjølvstendig kunnskap om straumforholda i Langenuen, og har ikkje grunnlag for å ha ei oppfatning av om Langenuen bør omfattast av forskrifta eller ikkje. Fiskeridirektoratet legg til grunn at andre høyringsinstansar har innspel på dette punktet.

I Ølen- Vindafjord ligg det tre lokalitetar som høyrer inn under Fiskeridirektoratet region Sør sitt forvaltningsområde. Fiskeri- og kystdepartementet meiner det er viktig at desse blir forvalta på same måte som dei andre lokalitetane i Hardangerfjorden, og vurderer difor å

leggje nordre del av Ølen- Vindafjord inn under region Vest forvaltnings- og kontrollmessig, dvs. at løyve tildelt desse innehavarane i Hardangerfjorden elles kan meldast inn på desse lokalitetane. Ein slepp då ei eiga "Rogalandssone" innanfor Hardangerfjordområdet. Fiskeridirektoratet støttar dette forslaget.

Fiskeridirektoratet region Vest ber Fiskeri- og kystdepartementet i tillegg vurderer å utvida yttergrensa for Hardangerfjorden mot sør til fylkesgrensa. Det ligg i dag ein lokalitet som har tre løyve knytt til seg på utsida av Hardangerfjorden, medan dei andre lokalitetane til desse løyva ligg innanfor Hardangerfjorden. Sør for denne lokaliteten går eit naturleg skilje ved Sletta, som er eit stort området utan akvakultur. Fiskeridirektoratet støttar dette forslaget, og foreslår at koordinatane i avgrensinga av Hardangerfjorden vert endra, sjå vedlegg nr. 2 (/).

#### **§ 4 Definisjonar**

Fiskeridirektoratet meiner at ordet "bestemt" i definisjonen av akvakulturløyve bør bytast ut med "fastsett".

Fiskeridirektoratet meiner at samlokalisering i denne forskrifta må definerast slik den vart definert i framlegget datert 22.10.2008: *"driftsform der ein eller fleire innehavarar av akvakulturløyve har akvakulturdyr på same lokalitet."*

Fiskeridirektoratet meiner at samlokalisering i vid forstand betyr at det er fleire løyve knytt til ein lokalitet. Fiskeridirektoratet foreslår at denne definisjonen vert teke inn i laksetildelingsforskrifta. Det er uheldig at samlokalisering berre er definert i driftsforskrifta, og då snevrare ("to eller fleire innehavere").

Bakgrunnen for at forslaget om denne definisjonen er at samlokalisering i driftsforskrifta blir definert til å gjelde to eller fleire innehavarar, medan laksetildelingsforskrifta § 37 omtaler samlokalisering som fleire løyve som tilhøyrer ein person. Definisjonen av samlokalisering i driftsforskrifta § 4 u) tek ikkje høgde for om ein innehavar melder inn fleire løyve på same lokalitet, noko som kan medføre ei produksjonsauke i like stor grad som om det er ulike innehavarar på same lokaliteten. Fiskeridirektoratet meiner det er viktig at reglane om samlokalisering slik dei er tenkt brukt i Hardangerfjorden, også regulerer tilfellet der ein innehavar har fleire akvakulturløyve på same lokalitet.

#### **§ 5 Forbod mot tildeling av løyve eller lokalitet og melding om samlokalisering**

##### **Første ledd**

Fiskeridirektoratet er samd i denne formuleringa.

##### **Andre ledd**

Fiskeridirektoratet meiner at ordet "giast" i § 5 andre ledd bør endrast til "gjevast".

##### **Tredje ledd**

Fiskeridirektoratet meiner at formuleringa i § 5 tredje ledd: "Innenfor summen av lokalitetsbiomasse i løyve tildelte for same art i Hardangerfjorden ..." er noko uklar, og at den derfor bør skrivast på ein tydelegare måte. Vi forstår omgrepet som sum av alle klarerte lokalitetar i Hardangerfjorden. Summen av klarerte lokalitetar i Hardangerfjorden er 180.410 tonn.

Fiskeridirektoratet foreslår fylgjande omformulering: **”Innanfor summen av maksimalt tillate biomasse (MTB) på alle klarerte lokalitetar i Hardangerfjorden** kan det etter søknad gjevast utviding eller klarering av akvakulturlokalitetar eller samlokalisering til eksisterande verksemder ...”.

Fiskeridirektoratet meiner at omgrepet ”same art” bør strykast, då laks, aure og regnbogeure ikkje er same art.

Det står i høyringsbrevet s. 4 at styresmaktene etter § 5 andre ledd kan gje dispensasjon frå forbodet mot å klarere nye eller utvide og å samlokalisere etter ei konkret vurdering. Den same formuleringa står i merknadane til tredje ledd. Fiskeridirektoratet meiner det her må vere ein skrivefeil og at det skal stå § 5 *tredje* ledd.

Vidare står det i merknadane under overskrifta ”Tredje ledd” i tredje setning at det er likevel ikkje mogeleg å gi dispensasjon til å auke biomassen på selskapsnivå, altså flytte inn biomasse i Hardangerfjorden. Det må i så fall skje etter § 12. Fiskeridirektoratet meiner at det her skal stå § 11, ikkje § 12.

Fiskeridirektoratet meiner at formuleringa ”løyve til” utviding eller klarering kan takast ut av teksten, for å gjere det klart at dispensasjonsheimelen i § 5 tredje ledd ikkje opnar for å tildele nye løyve til akvakultur i Hardangerfjorden. Det er verdt å merke seg at ordet løyve kan bety både sjølve løyvet (tillatelsen) og løyve til lokaliteten (lokalitetsklarering).

#### **Fjerde ledd**

Etter § 5 fjerde ledd kan det sendast melding om samlokalisering til lokalitetar utanfor Hardangerfjorden. Fiskeridirektoratet meiner at § 5 fjerde ledd må sjåast i samanheng med den nye forskrifta om særskilte tiltak i enkelte område for akvakulturrelatert verksemd. Sjå punkt 2.4.

#### **§ 6 Regional MTB for løyve til laksefisk i Hardangerfjorden**

Fiskeri- og kystdepartementet skriv i høyringsbrevet nedst på s. 4 og 5 at instruksen forbyr etablering eller utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden, men at produksjonen likevel kan auke innanfor dei lovlege rammene som finnast i dag. Fiskeri- og kystdepartementet meiner ei slik auke i produksjonen vil vere uheldig og ikkje i samsvar med dei omsyna ”frysvedtaket” skal vareta. Tal frå Fiskeridirektoratet viser at det ikkje på noko tidspunkt i 2008 stod meir enn 48 357 tonn fisk i Hardangerfjorden. I forslaget til forskrift § 6 foreslår departementet at summen av løyve på selskapsnivå i Hardangerfjorden frå 1. oktober 2011 ikkje skal overstige 50 000 tonn MTB, noko som i følgje departementet vil innebere ein reduksjon på ca 20 000 tonn MTB i forhold til total tildelt produksjonskapasitet i fjordsystemet.

Fiskeridirektoratet minner om at reduksjonen vil vere på 28 578 tonn MTB sidan korrekte sum av biomassen i tildelte løyve i Hardangerfjorden er 78 578 tonn MTB.

Reduksjonen av tillaten biomasse kan skje på ulike måtar, og departementet har i forslaget til § 6 meldt to alternativ utan å ta stilling til kva alternativ som er å føretrekkje. Fiskeri- og kystdepartementet ber særleg om høyringsinstansane sitt syn på dei to alternativa.

§ 6 første og andre ledd er likt i dei to alternativa, skilnaden mellom alternativ 1 og 2 går fram av tredje og fjerde ledd.

### **Første ledd**

Fiskeridirektoratet meiner at det først trengs ei klargjering av omgrepet "Summen av løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjorden ... ", då dette er noko upresist.

Fiskeridirektoratet foreslår fylgjande omformulering: "**Summen av maksimalt tillate biomasse (MTB) i alle løyve til laks, aure og regnbogeaure som er gitt i Hardangerfjorden ...**".

Det er kapasiteten i form av løyve som skal byggast ned i Hardangerfjorden, ikkje ei nedbygging av klarerte lokalitetar. Med omsyn til nødvendig brakklegging og driftssyklusar har oppdrettarane trong for å drive på ulike klarerte lokalitetar. Det er sjølvstendig viktig at lokaliseringa er best mogeleg i forhold til formålet til forskrifta.

Når det gjeld fastsetjinga av summen av maksimalt tillate biomasse i alle løyve til laks, aure og regnbogeaure som er gitt i Hardangerfjorden til 50 000 tonn MTB, viser Fiskeridirektoratet til punkt 2.3.

### **Andre ledd**

Fiskeridirektoratet foreslår at andre ledd slik det står i departementet sitt forslag vert teke vekk.

Fiskeridirektoratet foreslår ei ny formulering av andre ledd. Dette forslaget blir det gjort greie for nedanfor under kommentarane til tredje ledd, særleg under punktet "Nærmare om reduksjon etter alternativ c".

### **Tredje ledd**

Departementet skisserer to alternativ for nedbygging av løyve i Hardangerfjorden.

#### **Alternativ 1**

Det står i høyringsbrevet at i alternativ 1 skal næringa sjølv gå saman om eit forslag til korleis reduksjonen i tillaten biomasse skal skje, og skal sende dette forslaget til Fiskeridirektoratet. Forslaget frå næringa skal vere samstemt. Med samstemt meiner departementet at det ikkje er naudsynt at alle partar skal vere heilt einige, men føreset at eit stort fleirtal sluttar opp om forslaget – det vil seie 90 % eller fleire av oppdrettarane. Fiskeridirektoratet skal leggja vesentleg vekt på forslaget. I tillegg kan direktoratet leggje vekt på dei tre opplista omsyna i § 6 tredje ledd a-c, for å sikre at vedtaket blir forholdsmessig og rimeleg for alle partar.

Fiskeridirektoratet meiner det vil vera vanskeleg å få på plass eit slikt samstemt forslag, sidan det er mange aktørar med ulike interesser i Hardangerfjorden. Sjansane for dette kan aukast dersom det kan opnast opp for flytting over regiongrensene av miljøomsyn, jamfør omtalen av dette under punkt 2.4.2.

Rette myndigheit vil måtte bruke mykje tid på å få oversikt over omsyna som er lista opp i § 6 tredje ledd punkt a-c. Det er krevjande å få oversikt over løyve, lokalitetar og tidspunkt for når det einiskilde løyvet vart flytta inn i Hardangerfjorden. Det vil vera ein komplisert rekneoperasjon å finna ut kor stor del av biomassen innanfor løyvet som er utnytta i tidsrommet 01.04.2005 til 01.04.2008. Fleire aktørar har lokalitetar både innanfor og utanfor Hardangerfjorden. Det vil vera særst vanskeleg å finna ein fordelingsnøkkel som viser utnyttingsgrad av løyve i det eine eller andre området. Ein må ha i minne at det er knytt ulikt antal løyve til kvar lokalitet.

Dersom forvaltninga skal inn i ein slutfase og kvalitetssikre resultatet av ei slik semje mellom aktørar, kan det bli umogeleg å finne løysingar som vert rettferdig for alle partar.

Etter Fiskeridirektoratet si meining vil alternativ 1 ikkje vere føremålstenleg, med mindre alle aktørane vert heilt samde innan ein gitt frist, og at deira framlegg er i samsvar med formålet i forskrifta. Oppnår dei ikkje slik semje, vil vi tilrå at direktoratet sitt alternative forslag til § 6 trer i kraft utan at nye endringar må gjerast.

### **Alternativ 2**

Det står i høyringsbrevet at i alternativ 2 skal Fiskeridirektoratet vurdere alle løyve som er knytt til lokalitetar i Hardangerfjorden ut frå visse kriterium, som ansiennitet, høve til å flytte ut av fjorden, og kor stor del av gitt biomasse som er brukt i fjorden dei seinaste tre åra før frysvedtaket. Formålet med dette sist nemnde kriteriet er å redusera løyva i størst mogleg grad hjå dei som faktisk ikkje utnyttar kapasiteten. Kriteria b og c skal hjelpe til å sikre at vedtaka er proporsjonale. På den andre side vil dette forslaget gjere at styresmaktene må gjennomføre fleire vanskelege og skjønsmessige vurderingar. Sakshandsaminga vil difor krevje til dels store ressursar i forvaltninga.

Fiskeridirektoratet finn heller ikkje dette forslaget formålsteneleg ut frå same orsakar som nemnt under alternativ 1. Alternativ 2 vil krevje store ressursar i forvaltninga og utstrakt bruk av skjønn. Region Vest meiner at ein reduksjon av løyve må gjerast så enkelt og regelstyrt som mogleg, og at bruken av skjønn reduserast til eit minimum. Fiskeridirektoratet er einig i dette.

### **Forslag om framgangsmåte for reduksjon av kapasitet**

Region Vest meiner at det mest av alt hadde vore ynskjeleg at ein del bedrifter frivillig ville flytte løyva ut av Hardangerfjorden. Eventuelt kunne ein ha laga ei form for "gode" til dei som ville flytte ut. Region Vest meiner at den framgangsmåten som departementet foreslår for reduksjon av løyve er ressurskrevjande i form av saksbehandlarkapasitet og skjønsmessige vurderingar. Region Vest har lagt fram tre alternative reknemåtar a-c, der bruken av skjønn vert avgrensa i så stor grad som mogeleg.

Departementet presiserer i høyringsbrevet s.5 nedst, at MTB som ikkje kan nyttas i Hardangerfjorden, kan nyttast på klarerte lokalitetar i region Vest som ikkje er omfatta av verkeområdet til forskrifta. Region Vest forstår dette som at selskapa som er lokalisert i Hardangerfjorden må tildelast ein Hardangerfjord-MTB. For eit selskap som har alle sine lokalitetar i Hardangerfjorden, må selskapet sin Hardangerfjord-MTB vere lik den totale realiserbare MTB for selskapet. Dersom selskapet får klarert ein lokalitet utanfor Hardangerfjorden, kan selskapet sin samla MTB auke opp nivået som er gitt av generelle rammer for MTB. Dette betyr at eit selskap som har lokalitetar både innanfor og utanfor Hardangerfjorden, har høve til å nytte sin totale MTB ved å leggje større del av produksjonen utanfor Hardangerfjorden, dersom selskapet har tilstrekkeleg klarert lokalitetskapasitet utanfor Hardangerfjorden. Dei selskapa som har alle sine lokalitetar innanfor Hardangerfjorden må få ein reduksjon av sin totale MTB. Då dei fleste selskap som berre har drift innanfor området er små selskap, har region Vest teke omsyn til dette i to av alternativa - b) om å skjerme dei som har 3 eller færre løyve og i c) innføre eit "minstefrådrag" på 3 løyve før reduksjon.

I likskap med region Vest meiner Fiskeridirektoratet at alternativ c er det beste forslaget, og går inn for dette, i ein justert versjon. I det fylgjande vil det bli gjort nærare greie for alternativ c.

### **Nærmare om reduksjon etter alternativ c**

Forslaget til region Vest går i korte trekk ut på ei lik handsaming der alle selskap i Hardangerfjorden får skjerma 3 standardløyve (kvar på 780 tonn MTB) uavhengig av storleiken på selskapa, og at MTB over dette vert multiplisert med 0,5 for å fastsette kva kapasitet som i framtida kan nyttast i Hardangerfjorden. Dette vil bety at summen av MTB i alle løyve til laks, aure og regnbogeare som er gitt i Hardangerfjorden vert mellom 57619 og 59 569 tonn MTB avhengig av korleis ein reknar fråtrekk for dei som har konsern - MTB (per selskap eller per konsern). I praksis vil ståande biomasse til ei kvar tid verta lågare enn dette, då ein har ulike utsett (vår og haust), produksjonstid på 15-18 månadar, samt produksjon på lokalitetar på utsida av Hardangerfjorden.

Alternativ c) legg opp til lite bruk av skjønn og tek omsyn til likebehandling. Region Vest foreslår å skjerme dei som har tre løyve eller færre, fordi det praktisk vil vere svært vanskeleg for desse små selskapa å drive i 2 "soner" med avskilte biomassetak, der kanskje eit løyve berre kan drivast utanfor Hardangerfjorden. I slike situasjonar ville det truleg bety at selskapet måtte flytte heile produksjonen ut frå Hardangerfjorden.

Fiskeridirektoratet meiner at forslaget frå region Vest alternativ c i prinsippet er ei god løysing, dersom summen justerast til 50 000 tonn MTB. Den prosenten av MTB som oppdrettarane i Hardangerfjorden får behalda, utover dei skjerma løyva, må difor setjast lågare.

Fiskeridirektoratet ønskjer at det skal gå klart fram av forskrifta kva løyve som har rettar i Hardangerfjorden. Etter utrekningar Fiskeridirektoratet har gjort, (sjå rekneark, ark 1 og 2 i vedlegg 4, ./.), blir resultatet at oppdrettarane i Hardangerfjorden får behalda 24,5 % av MTB utover dei løyva som blir skjerma. Fiskeridirektoratet anbefaler denne løysinga, dersom ein skal redusera til eit nivå på 50 000 tonn etter departementet sitt løysingsprinsipp.

Med utgangspunkt i statusen i Hardangerfjorden då frys vart innført 08.04.2008 eller då forskrifta vart sendt på høyring 18.08.2009, foreslår Fiskeridirektoratet at kvart selskap får skjerma 3 standardløyve kvar på 780 tonn MTB. Desse standardløyva vert plukka ut på bakgrunn av historikk, altså dei 3 eldste løyva til kvart selskap som har løyve i Hardangerfjorden på dette gitte tidspunktet. Nummeret på desse løyva skal stå i forskrifta. Utover dei løyva som vert skjerma får oppdrettarane i Hardangerfjorden behalda 25 % av MTB. Liste over dei løyve som får behalda 25 % i Hardangerfjorden skal også stå i forskrifta.

Fiskeridirektoratet foreslår at § 6 andre ledd får ei ny utforming.

Sjå formuleringa i utkast til forskrift vedlegg 1, samt vedlegg nr. 3 del A og del B (./).

Fiskeridirektoratet ønskjer å formulere regelen om nedbygging som eit forskriftsforslag, slik at forvaltninga slepp å fatta enkeltvedtak om nedbygging. Ved å gjera det på denne måten kan ein ta ned klagemengda, samstundes som eit klart regelstyrt utfall av nedbygginga.



Fiskeridirektoratet viser til forslaget om å opne for dispensasjon etter laksetildelingsforskrifta § 33, jf. punkt. 2.1.

### **§ 7 Biomassetak i Hardangerfjorden**

I samsvar med dei andre innspela foreslår Fiskeridirektoratet at § 7 første setning vert omformulert: ”**Summen av maksimalt tillate biomasse (MTB) i alle løyve til laks, aure og regnbogeaure som tilhøyrer same innehavar innanfor Hardangerfjorden, utgjer eit eige biomassetak innanfor Fiskeridirektoratet region Vest ...**”.

### **§ 8 Flytting av fisk**

I § 8 regulerast Mattilsynet sine gjeremål. Fiskeridirektoratet meiner at forskrifta heller bør rettast mot næringa sine rettar og plikter, og ikkje brukast til å oppliste forvaltninga sine eigne gjeremål. Desse bestemmingane bør difor omformulerast til å gjelda næringsaktørane sine rettar og plikter.

Fiskeridirektoratet ser behovet for denne regelen og er positiv til innhaldet i dette forslaget. Fiskeridirektoratet vil peike på at det kan vera aktuelt å pålegga flytting med heimel i akvakulturlova § 14:

*”Departementet kan fastsette forbud mot, pålegge flytting av eller sette andre vilkår for akvakultur dersom dette er nødvendig for å bevare områder med særlig verdi for akvatiske organismer.”*

### **§ 9 Brønnbåtar**

Fiskeridirektoratet er positiv til forslaget om at Mattilsynet kan gjera vedtak om å fastsetje farleier for brønnbåtar og forby at brønnbåtar har opne ventilar i heile eller delar av ei brønnbåtlei.

### **§ 10 Tilsyn og vedtak**

Departementet skriv i høyringsbrevet at denne forskrifta i all hovudsak handlar om forvaltninga sitt tilsyn og kontroll med havbruksnæringa. Når det gjeld tilbaketrekking og endring av løyve på bakgrunn av miljøomsyn, heng dette så nært saman med tilsynsoppgåver, at oppgåva med å redusere produksjonskapasiteten i Hardangerfjorden vil bli lagt til Fiskeridirektoratet.

Departementet foreslår at Fiskeridirektoratet fører tilsyn og gjer vedtak for å gjennomføre føresegnene gitt i §§ 5,6,7 og 11 i forskrifta.

Region Vest tolkar dette som at dei får forvaltningsansvar for utvidingssøknadar, søknadar om klarering av lokalitetar, samt søknadar om endringar i form av utviding/endring av biomasse og areal. Etter 01.01.2010 skal denne delen av Fiskeridirektoratet sitt forvaltningsområde overførast til fylkeskommunen. Framlegget står i kontrast til det som står i høyringsbrevet under økonomiske og administrative konsekvensar, der det blir førespegla at det er oppgåva med å redusera produksjonskapasiteten i Hardangerfjorden som blir lagt til Fiskeridirektoratet. Region Vest ber om at forskrifta blir utforma på ein slik måte at det ikkje er tvil om fordeling av oppgåver mellom Fiskeridirektoratet og fylkeskommunen. Dersom det er meininga at heile forvaltningsansvaret for dette området skal ligge hjå region Vest vil dette få konsekvensar for ressursbruken i regionen og det vil bli naudsynt å styrke regionen med saksbehandlarstillingar, då tre av seks saksbehandlarar innanfor fagområdet har takka ja til arbeid hjå fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Region Sør meiner det er viktig med ei rolleavklaring mellom Fiskeridirektoratet og fylkeskommunane. Det bør stå tydelegare at søknadar knytt til utviding og klarering av lokalitetar i Hardangerfjorden skal avgjerast av Fiskeridirektoratet. Det er vidare nødvendig at fylkeskommunane blir gjort uttrykkeleg merksame på at dei ikkje får overført myndigheit til å tildele løyve i Hardangerfjorden.

Gitt at departementet velgjer å følgje Fiskeridirektoratet si anbefaling om å bruke eit utbetra alternativ c, meiner Fiskeridirektoratet at fylkeskommunen er rette styresmakt til å fatte vedtak i medhald av §§ 5 og 7 i denne forskrifta. Det vert ikkje naudsynt for fylkeskommunen å fatte vedtak etter § 6 dersom forslaget til Fiskeridirektoratet vert følgd. Fiskeridirektoratet vil imidlertid ha behov for slik vedtaksmyndigheit i forbindelse med sitt tilsyn. Direktoratet gjer framlegg om at mogelegheita til dispensasjon i § 11 går ut.

### ***§ 11 Dispensasjon***

Det står i høyringsbrevet at Fiskeridirektoratet og Mattilsynet i særlege tilfelle kan gje dispensasjon frå taket på biomasse jf. utkastet §§ 5 og 11. Det fylgjer av forslaget til departementet § 11 at det i "særlege høve" kan dispenserast frå føresegnene som nemnt i § 6. Dette vil seie å gje dispensasjon til å auka summen av maksimalt tillate biomasse i alle løyve til laks, aure og regnbogeaure som er gitt i Hardangerfjorden, altså flytta biomasse inn i Hardangerfjorden. Slik vil biomassetaket i Hardangerfjorden kunne auka ut over 50 000 tonn.

Sjølv om vilkåret "særlege høve" set ein høg terskel for når det kan dispenserast frå § 6, meiner Fiskeridirektoratet at dette er i strid med formålet til forskrifta og vil bety ei utholing av forskrifta. I og med at det i Fiskeridirektoratets forslag til § 6 2. ledd gis en områdingstid frå 1. januar 2011, vil trongen for dispensasjon vere redusert. Fiskeridirektoratet vil åtvare mot at det kan gjevast dispensasjon etter § 6. Fiskeridirektoratet meiner at heller ikkje at Mattilsynet bør kunne gje dispensasjon frå § 6.

### ***§ 12 Straff og andre reaksjonar ved brot på forskrifta***

Fiskeridirektoratet er samd i denne formuleringa.

### ***§ 13 Ikrafttredning mv.***

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår at forskrifta trer i kraft 1. januar 2010, slik at næringa kan tilpasse verksemda si. Fiskeridirektoratet er samd i tidspunktet for ikrafttredning.

I høyringsbrevet under punkt 3.5 skriv departementet at styresmaktene vil arbeide vidare med å finne eigna indikatorar og effektmål som kan gi grunnlag for å vurdere når miljøforholda i Hardangerfjorden igjen kan forsvara auka oppdrettsverksemd. I den samanhengen blir det vist til regjeringa sin "Strategi for en miljømessig berekraftig havbruksnæring", som blei lagt fram 01.04.2009.

Fiskeridirektoratet viser til den prinsipielle diskusjonen om miljømål under punkt 2. i dette brevet. Fiskeridirektoratet meiner at departementet må evaluere forskrifta etter tre år etter den er iverksatt.

## **Del B: Forskriftsforslaget etter at direktoratet sine merknader er tatt inn**

Fastsett av Fiskeri- og kystdepartementet ... med heimel i lov 17.juni 2005 nr. 79 om akvakultur § 1, § 6, § 9 og § 10 og lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet m.v. § 7 og § 19, jf. delegeringsvedtak 19. desember 2003 nr. 1790.

### **Kapittel 1. Formål, verkeområde og definisjonar**

#### **§ 1 Formål**

Formålet med forskrifta er å bidra til å sikre ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i Hardangerfjorden, medrekna bereevna til fjordområdet, forhold knytt til fiskehelse, omsynet til ville bestandar av laksefisk og det langsiktige grunnlaget for utvikling i akvakulturnæringa.

*Formålet byggjer også på tre miljømål:*

- 1. Det skal i snitt ikkje vere meir enn 5 % rømte individ i gytebestandane av laks i elvane Opo, Kinso, Eio, Granvinselva, Jondalselva, Steindalselva, Hattebergselva og Uskedalselva, etter at utfisking av rømt fiske er gjennomført.*
- 2. Det skal i snitt ikkje vere meir enn 5 lus per utvandra laksesmolt fanga i forskrifta sitt verkeområde.*
- 3. Det skal ikkje vere prematurt tilbakevandra lakselussskada sjøaure i elveosen før 15. juni, og heller ikkje store opphopingar med tydeleg lakselussskada sjøaure same stad seinare i sesongen. Begge delar gjeld for eitkvart vassdrag innanfor forskrifta sitt verkeområde.*

#### **§ 2 Sakleg verkeområde**

Forskrifta omfattar ~~oppdrett~~ akvakultur av laks, aure og regnbogaure i sjø.

#### **§ 3 Geografisk verkeområde**

Forskrifta gjeld innanfor området som er gjort greie for i vedlegg I, heretter kalla Hardangerfjorden.

#### **§ 4 Definisjonar**

Denne forskrifta meiner med:

**Akvakulturløyve:** Løyve gitt med heimel i akvakulturloven, som ved registrering i akvakulturregisteret gir rett til en ~~bestemt~~ fastsett type produksjon av en bestemt art, i et bestemt omfang på ein eller fleire bestemte lokalitetar.

**Akvakulturanlegg:** Einkvar lokalitet, fysisk avgrensa område eller installasjon som blir driven av eit akvakulturføretak der akvakulturdyr blir oppdretta, med unntak av dei lokalitetar, område eller installasjonar der ville akvatiske dyr er hausta eller fanga med tanke på konsum, og blir haldne mellombels utan å bli føra i påvente av å bli slakta. Med akvakulturføretak meiner forskrifta eitkvart privat eller offentleg føretak, ideelt eller ikkje, som driv kva som helst slags verksemd i samband med oppdrett, hald eller dyrking av akvakulturdyr.

**Brønnbåtlei:** Geografisk avgrensa område som brønnbåtar skal nytte ved transport av fisk, med ein gitt minimumsavstand til akvakulturrelatert verksemd.

Samlokalisering: Driftsform der ~~tø-~~ ein eller fleire innehavarar av akvakulturløyve har oppdrettsfisk ~~mv.~~ akvakulturdyr på same lokalitet. ~~utan at oppdrettsfisken er i sameige~~

Smittehygieniske fellesområde: Geografisk avgrensa område med ein eller fleire lokalitetar der det ut frå risikovurdering er sannsynleg at smittestatus er lik for alle lokalitetar og der det føregår koordinert drift.

Stamfisk: Fisk som skal strykast eller reproduserast på ein annan måte.

## Kapittel 2. Særskilte krav til etablering og drift innanfor Hardangerfjorden

### § 5 Forbod mot tildeling av løyve eller lokalitet og melding om samlokalisering

Det skal ikkje tildelast nye akvakulturløyve eller utvidast eller klarerast lokalitetar i sjø for produksjon av matfisk og stamfisk.

Det kan ikkje gjevast giasst melding om samlokalisering for løyve til akvakultur inn til, eller innanfor, Hardangerfjorden.

Innanfor summen av maksimalt tillate biomasse (MTB) på alle klarerte lokalitetar lokalitetsbiomasse i løyve tildelte for same art i Hardangerfjorden, kan det etter søknad gjevast giasst løyve til utviding eller klarering av akvakulturlokalitetar eller samlokalisering til eksisterande verksemder dersom dette er nødvendig eller klart fordelaktig med omsyn til fiskehelse og miljø. Dette gjeld likevel ikkje for kommunane Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Odda.

Det kan sendast melding om samlokalisering til lokalitetar utanfor Hardangerfjorden.

### § 6 Regional MTB for løyve til laksefisk i Hardangerfjorden

Summen av maksimalt tillate biomasse (MTB) i alle løyve til akvakultur av med laks, aure og regnbogeaure som er gitt i Hardangerfjorden skal frå 1. oktober 2011 ikkje overstige 50 000 tonn MTB.

Dersom summen av maksimalt tillate biomasse (MTB) i alle løyve til akvakultur av laks, aure og regnbogeaure som er gitt i Hardangerfjorden den 1. januar 2011 overstigar 50 000 tonn MTB, vil reduksjon i MTB skje slik:

Løyva nemnt i vedlegg 3A kan nyttast 100% i Hardangerfjorden frå 1. oktober 2011, løyva nemnt i vedlegg 3B kan frå same tidspunkt berre nyttast med 25% i Hardangerfjorden.

Fiskeridirektoratet kan gjere vedtak om endring av løyve i eit slikt omfang at summen av løyve i Hardangerfjorden ikkje overstig grenseverdien i første ledd.

Når vedtak blir gjort etter andre ledd skal Fiskeridirektoratet leggje vesentleg vekt på næringsaktørane sitt eige, samstemte forslag. I tillegg kan det leggjast vekt på følgjande omsyn:

- a) Kor stor del av biomassen innanfor løyvet som er utnytta i tidsrommet 1. april 2005 og 1. april 2008,
- b) ansiennitet, dvs. kva tidspunkt løyvet blei tilknytt ein lokalitet innanfor Hardangerfjorden og
- c) kva høve innehavaren av løyvet har til å flytte heile eller delar av produksjonen ut av Hardangerfjorden.

Dersom næringsaktørane ikkje klarer å levere eit samstemt forslag innanfor fristen Fiskeridirektoratet har sett, skal Fiskeridirektoratet gjere vedtak i samsvar med andre og tredje ledd så langt dette passar.

### § 7 Biomassetak i Hardangerfjorden

Summen av maksimalt tillate biomasse (MTB) i alle løyve til laks, aure og regnbogeaure som tilhører biomasse i løyve tildelt for same art og type og tilhøyrande same innehavar innanfor Hardangerfjorden utgjer eit eige biomassetak innanfor Fiskeridirektoratet region Vest. Innehavarar av akvakulturløyve innan same konsern, jf. regnskapsloven § 1-3 kan etter søknad til tilsynsstyresmaktene få løyve til eit felles biomassetak for Hardangerfjorden.

### § 8 Flytting av fisk

Mattilsynet skal, av omsyn til risiko for spreiding av lakselus, varslast og godkjenne all transport inn til og mellom akvakulturanlegg med laksefisk i Hardangerfjorden.

Mattilsynet kan stille vilkår om godkjenning, medrekna:

- a) område for inntak av transportvatn,
- b) godkjenning av transportrute,
- c) krav om heilt eller delvis lukka brønn,
- d) krav til behandling av transportvatn,
- e) vask og desinfeksjon av transportmiddel.

Varselet skal leverast i den form Mattilsynet bestemmer.

Ved fastsetting av smittehygieniske fellesområde, kan Mattilsynet ut frå omsynet til smittevern påleggje flytting av fisk til annan lokalitet.

### § 9 Brønnbåtar

Mattilsynet kan gjere vedtak om fastsetting av brønnbåtleier.

Dersom omsynet til smittevern tilseier det, kan Mattilsynet leggje ned forbod mot at brønnbåtar har opne ventilar i heile eller delar av ei brønnbåtlei.

## Kapittel 3. Avsluttande føresegner

### § 10 Tilsyn og Vedtaksmynde

~~Fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet fører tilsyn og gjer vedtak for å gjennomføre føresegnene gitt i §§ 5, 6 og 7 og 11 i forskrifta.~~

Mattilsynet fører tilsyn og gjer vedtak for å gjennomføre føresegnene gitt i §§ 5, 8, 9 og 11 i denne forskrifta.

### § 11 Dispensasjon

~~Fiskeridirektoratet kan i særlege høve dispensere frå føresegnene som nemnt i § 6.~~

Mattilsynet kan i særlege høve dispensere frå føresegne nemnt i §§ 6, 8 og 9.

Det er ein føresetnad for dispensasjon etter første eller andre ledd at det ikkje vil stride mot Noreg sine internasjonale skyldnader, medrekna EØS-avtalen.

### § 12 Straff og andre reaksjonar ved brot på forskrifta

Brot på forskrifta eller vedtak gjort i medhald av forskrifta, kan føre til straff og andre reaksjonar etter lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv., og lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur og forskrifter høyrande til desse.

### § 13 Ikrafttreding mv.

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2010.

---

Nye forslag frå Fiskeridirektoratet står i *kursiv*. Det som Fiskeridirektoratet har teke vekk frå forslaget til departementet er streka over (~~slik~~).

---

## VEDLEGG 2. HARDANGERFJORDEN AVGRENSING:

- i vest ved utløpet av Bømlafjorden; avgrenset av en rett linje fra nes nord Langeneset sør for Ryvarden fyr (N: 59-31.032 ~~59-31.6751~~, Ø: 5-13.884 ~~5-13.4815~~) til Bømlahuk på Bømlo (N: 59-34.4702, Ø: 5-11.0373)

- i nord av Stokksundet mot Selbjørnsfjorden, avgrenset av følgende linjer mellom Bømlo og Stord:


- 1) Fra nes nord på Rolvsnes (Bømlo) ved Skinesholmen (N: 59-52.5991, Ø: 5-9.3868) til nes sør på Risøya (N: 59-52.7244, Ø: 5-9.4452).
- 2) Fra nes nord på Parakhine ved Risøya (N: 59-52.8216, Ø: 5-8.1797) til Midtparttangane på Vikøya (N: 59-52.7216, Ø: 5-7.8535).
- 3) Fra Lusapollen på Vikøya (N: 59-53.2779, Ø: 5-5.8889) til nes på Gissøya sør av Brandasund (N: 59-53.3612, Ø: 5-5.4773).
- 4) Fra Gisøya ved Brandasund; (N: 59-53.8664, Ø: 5-5.4738) til Selsøy (N: 59-53.9064, Ø: 5-5.5698.)
- 5) Fra nes nord på Selsøy (N: 59-54.4033, Ø: 5-6.6199) via sørspissen av Moltholmen til nes vest på Klammerøy (N: 59-54.5833, Ø: 5-7.0362).
- 6) Fra øst siden av Klammerøy (N: 59-54.6105, Ø: 5-7.6662) til sørspissen av Hanøya (N: 59-54.6479, Ø: 5-7.7247)
- 7) Fra øst siden av Hanøya (N: 59-54.8781, Ø: 5-8.0117) til nes vest på Eidøya (N: 59-54.8806, Ø: 5-8.4916)
- 8) Fra nes øst på Eidøya nord for Trollosen (N: 59-55.0205, Ø: 5-9.2874) til nes vest på Eggøya (N: 59-55.1886, Ø: 5-9.6561)
- 9) Fra nes øst på Eggøya, nord for Eggøya lykt (N: 59-55.5039, Ø: 5-10.2972) over Nyleia til nes vest på Stora Siglo (N: 59-55.9043; Ø: 5-11.3260)
- 10) Fra nes øst av Stora Siglo (N: 59-56.1781, Ø: 5-12.2014) over Bukkholmsundet til vestsiden av Litleholmen (N: 59-56.2303, Ø: 5-12.5761)
- 11) Fra Sør-spissen av Litleholmen (N: 59-56.1898, Ø: 5-12.7304) til nordspissen av Flatøy (N: 59-56.1862, Ø: 5-12.8506)
- 12) Fra østsiden av Flatøy (N: 59-56.0695, Ø: 5-13.0445) til sørspissen av Håboholmen (N: 59-56.0690, Ø: 5-13.4752)
- 13) Fra nest øst på Håboholmen (N: 59-56.1039, Ø: 5-13.4783) til sørspissen av Porsholmen (N: 59-56.1353, Ø: 5-13.7438)
- 14) Fra østsiden av Porsholmen (N: 59-56.1871, Ø: 5-13.9072) til nordspissen av Dyrholmen (N: 59-56.1665, Ø: 14.0324)
- 15) Fra Nordøst spissen av Dyrholmen (N: 59-56.1555, Ø: 5-14.0631) til nes nordvest på Teløy (N: 59-56.1953, Ø: 5-14.7509)
- 16) Fra nes nordøst på Teløy (N: 59-56.3309, Ø: 5-15.0406) via Lamholmen over Teløysundet til Landtunge vest på Fonno (59-56.4061, Ø: 5-15.2990)
- 17) Fra nes nord for Matløyso på Nord Fonno (N: 59-57.3800, Ø: 5-16.2877) til Skumsneset nordvest på Stord (N: 59-57.5812, Ø: 5-17.1635)

- i Langenuen sør, avgrenset av en linje mellom Breidvikneset på stord (N: 59-48.9809, Ø: 5-31.9104) og nes sør for Korsneset på Sør Huglo (N: 59-49.3600, Ø: 5-34.4479)

- i Laukhammarsund, avgrenset av en linje mellom Huglaneset på Huglo (N: 59-2.0355, Ø: 5-33.4345) og Storeneset på Tysnesøy (N: 59-53.2565, Ø: 5-32.9531)

- i Lukksund sør; avgrenset av linjer fra Ølfernes på Tysnesøy (N: 59-59.9563, Ø: 5-42.2172) til vestsiden av Sandsøy (N: 60-0.0053, Ø: 5-42.4926), og fra Østsiden av Sandsøy (N: 60-0.1059, Ø: 5-42.8581) via Hamarhaugflu lykt til nes sør ved Gjerdsheim på Fusa (N: 60-0.1041, Ø: 5-43.6943).

- nord av Etnefjorden-Ølsfjorden; avgrenset av linje satt for nasjonal laksefjord mellom Rossaneset (N: 59-40.1000, Ø: 5-40.9360) og Notaneset (N: 59-41.3020, Ø: 5-47.5860).






**Tegnforklaring:**

 Storfisk laksefisk

 Skaldyr

 Slakteri

 Klekkeri, yngel, settefisk laksefisk

 Andre arter

 Matfisk laksefisk

 Avgrensning Hardangerfjorden

 Laksefjorder



### VEDLEGG 3. LISTE OVER REGIONAL MTB FOR LØYVE TIL LAKSEFISK I HARDANGERFJORDEN

**Del A: Følgjande løyve av 780 tonn MTB kan nyttast 100 % i Hardangerfjorden:**

Innehavar	Org.nr.	Løyve nr.	MTB
AL Nordsjø A/S	914 725 739	H B 0006	780
AL Nordsjø A/S	914 725 739	H B 0029	780
Bolstad Fjordbruk A/S	966 451 238	H J 0007	780
Bolstad Fjordbruk A/S	966 451 238	H KM0014	780
Bolstad Fjordbruk A/S	966 451 238	H SO0010	780
Bremnes Seashore A/S	836 597 702	R SS0018	780
Bremnes Seashore A/S	836 597 702	H J 0003	780
Bremnes Seashore A/S	836 597 702	R ST0002	780
Brilliant Fiskeoppdrett A/S	961 238 900	H B 0003	780
Brilliant Fiskeoppdrett A/S	961 238 900	H B 0008	780
Eide Fjordbruk A/S	866 751 242	H K 0032	780
Eide Fjordbruk A/S	866 751 242	H K 0033	780
Eide Fjordbruk A/S	866 751 242	H K 0063	780
Engesund Fiskeoppdrett A/S	944 819 967	H FJ0010	780
Espevær Fiskeoppdrett A/S	937 047 304	H B 0002	780

Espevær Fiskeoppdrett A/S	937 047 304	HB0012	780
Fjellberg Fjordbruk A/S	940 887 836	H K 0013	780
Fjellberg Fjordbruk A/S	940 887 836	H K 0051	780
Fjellberg Fjordbruk A/S	940 887 836	H K 0035	780
Fylkesnes Fisk A/S	861 034 852	H B 0009	780
Fylkesnes Fisk A/S	861 034 852	H B 0021	780
Fylkesnes Fisk A/S	861 034 852	H FJ0005	780
Handelsforeningen Fremskridt A/S	811 833 452 ?	H B 0007	780
Handelsforeningen Fremskridt A/S		H B 0044	780
Hellesund Fiskeoppdrett AS	951 375 772	VAF 0016	780
Hellesund Fiskeoppdrett AS	951 375 772	AAL 0001	780
Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS	947 607 855	H AM0002	780
Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS	947 607 855	H FJ0014	780
Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS	947 607 855	H FJ0022	780
Lingalaks AS	960 900 626	H KM0001	780
Lingalaks AS	960 900 626	H KM0004	780
Lingalaks AS	960 900 626	H KM 0018* jf. 0005	780

Marine Harvest Norway AS	959 352 887	H F 0007	780
Marine Harvest Norway AS	959 352 887	SFFL0001	780
Marine Harvest Norway AS	959 352 887	SFFL0007	780
Quatro Laks A/S	963 666 721	H FS0013	780
Quatro Laks A/S	963 666 721	H SO0002	780
Rogaland Fjordbruk AS	938 567 697	R SD0003	780
Rogaland Fjordbruk AS	938 567 697	R SD0005	780
Rogaland Fjordbruk AS	938 567 697	R TV0001	780
Sjøtroll Havbruk A/S	929 363 833	H OR0005	780
Sjøtroll Havbruk A/S	929 363 833	H OR0008	780
Sjøtroll Havbruk A/S	929 363 833	H OR0003	780
Sunnhordland Fjordbruk A/S	928 801 373	H E0001	780
Sunnhordland Fjordbruk A/S	928 801 373	H K0034	780
Sørvest Laks AS	983 970 400	H KM0019	780
Tombre Fiskeanlegg AS	941 541 240	H FS0005	780
Tombre Fiskeanlegg AS	941 541 240	H KM0009	780
Tombre Fiskeanlegg AS	941 541 240	H KM0017	780
Tysnes Fjordbruk A/S	979 495 358	H T 0003	780

Tysnes Fjordbruk A/S	979 495 358	H T 0016	780
Tysnes Fjordbruk A/S	979 495 358	H T 0006	780

**Del B: Følgjande løyve kan nyttast 25 % i Hardangerfjorden:**

Innehavar	Org.nr	Løyve nr.	MTB
Bremnes Seashore A/S	836 597 702	H B 0005	5460
Bremnes Seashore A/S		R ST0011	780
Bremnes Seashore A/S		H B 0022	780
Bremnes Seashore A/S		H B 0036	780
Bremnes Seashore A/S		H B 0040	780
Fjellberg Fjordbruk A/S	940 887 836	H K 0062	
Lingalaks AS	960 900 626	H KM0005	780
Lingalaks AS		H KM0022	780
Lingalaks AS		H KM0024	780
Marine Harvest Norway AS	959 352 887	H F 0008	2340
Marine Harvest Norway AS		H F 0009	2340
Marine Harvest Norway AS		SFSU0002	780
Marine Harvest Norway AS		SFSU0006	780
Marine Harvest Norway AS		H E 0005	780
Marine Harvest Norway AS		H K 0028	1638
Marine Harvest Norway AS		H J 0004	780
Marine Harvest Norway AS		H J 0005	780
Marine Harvest Norway AS		H K 0037	780
Marine Harvest Norway AS		H K 0039	780
Rogaland Fjordbruk AS	938 567 697	R SD0021	780
Sjøtroll Havbruk A/S	929 363 833	H FJ0008	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H SO0001	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H K 0036	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H OR0007	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H OR0006	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H AV0011	1560
Sjøtroll Havbruk A/S		H AV0014	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H AV0021	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H FJ0006	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H L 0016	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H T 0007	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H T 0010	780

Sjøtroll Havbruk A/S		H E 0002	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H AV0040	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H FJ0001	780
Sjøtroll Havbruk A/S		H B0023	780
Tysnes Fjordbruk A/S	979 495 358	H T 0020	780





## Oversikt over alle dei skjerma løyva i Hardangerfjorden

INNEHAVAR	REG.NR.		MTB
AL NORDSJØ A/S	H B 0006	KOMMERSIELL	780
AL NORDSJØ A/S	H B 0029	KOMMERSIELL	780
Sum			
BOLSTAD FJORDBRUK A/S	H J 0007	KOMMERSIELL	780
BOLSTAD FJORDBRUK A/S	H KM0014	KOMMERSIELL	780
BOLSTAD FJORDBRUK AS	H SO0010	KOMMERSIELL	780
Sum			
BREMNES SEASHORE AS	H J 0003	KOMMERSIELL	780
BREMNES SEASHORE AS	R SS0018	KOMMERSIELL	780
BREMNES SEASHORE AS	R ST0002	KOMMERSIELL	780
BRILLIANT FISKEOPPDRETT AS	H B 0003	KOMMERSIELL	780
BRILLIANT FISKEOPPDRETT AS	H B 0008	KOMMERSIELL	780
EIDE FJORDBRUK A/S	H K 0032	KOMMERSIELL	780
EIDE FJORDBRUK A/S	H K 0033	KOMMERSIELL	780
EIDE FJORDBRUK A/S	H K 0063	KOMMERSIELL	780
ENGESUND FISKEOPPDRETT A/S	H FJ0010	KOMMERSIELL	780
ESPEVÆR FISKEOPPDRETT A/S	H B 0002	KOMMERSIELL	780
ESPEVÆR FISKEOPPDRETT A/S	H B 0012	KOMMERSIELL	780
FJELBERG FJORDBRUK A/S	H K 0013	KOMMERSIELL	780
FJELBERG FJORDBRUK A/S	H K 0035	KOMMERSIELL	780
FJELBERG FJORDBRUK A/S	H K 0051	KOMMERSIELL	780
FYLKESNES FISK A/S	H B 0021	KOMMERSIELL	780
FYLKESNES FISK AS	H B 0009	KOMMERSIELL	780
FYLKESNES FISK AS	H FJ0005	KOMMERSIELL	780
HANDELSFORENINGEN FREMSKRID H B 0007		KOMMERSIELL	780
HANDELSFORENINGEN FREMSKRID H B 0044		KOMMERSIELL	780
HELLESUND FISKEOPPDRETT AS	VAF 0016	KOMMERSIELL	780
HELLESUND FISKEOPPDRETT AS	AAL 0001	KOMMERSIELL	780
KOBBEVIK OG FURUHOLMEN OPPD H AM0002		KOMMERSIELL	780
KOBBEVIK OG FURUHOLMEN OPPD H FJ0014		KOMMERSIELL	780
KOBBEVIK OG FURUHOLMEN OPPD H FJ0022		KOMMERSIELL	780
LINGALAKS AS	H KM0001	KOMMERSIELL	780
LINGALAKS AS	H KM0004	KOMMERSIELL	780
LINGALAKS AS	H KM0018	KOMMERSIELL	780
MARINE HARVEST NORWAY AS	H F 0007	KOMMERSIELL	780
MARINE HARVEST NORWAY AS	SFFL0001	KOMMERSIELL	780
MARINE HARVEST NORWAY AS	SFFL0007	KOMMERSIELL	780
QUATRO LAKS A/S	H FS0013	KOMMERSIELL	780
QUATRO LAKS AS	H SO0002	KOMMERSIELL	780

ROGALAND FJORDBRUK AS	R SD0003	KOMMERSIELL	780
ROGALAND FJORDBRUK AS	R SD0005	KOMMERSIELL	780
ROGALAND FJORDBRUK AS	R TV0001	KOMMERSIELL	780
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H OR0003	KOMMERSIELL	780
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H OR0005	KOMMERSIELL	780
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H OR0008	KOMMERSIELL	780
SUNNHORDLAND FJORDBRUK A/S	H E 0001	KOMMERSIELL	780
SUNNHORDLAND FJORDBRUK A/S	H K 0034	KOMMERSIELL	780
SØRVEST LAKS AS	H KM0019	KOMMERSIELL	780
TOMBRE FISKEANLEGG AS	H FS0005	KOMMERSIELL	780
TOMBRE FISKEANLEGG AS	H KM0009	KOMMERSIELL	780
TOMBRE FISKEANLEGG AS	H KM0017	KOMMERSIELL	780
TYSNES FJORDBRUK A/S	H T 0003	KOMMERSIELL	780
TYSNES FJORDBRUK A/S	H T 0006	KOMMERSIELL	780
TYSNES FJORDBRUK A/S	H T 0016	KOMMERSIELL	780

---

<b>SUM MTB Skjerma løyve</b>			<b>40560</b>
------------------------------	--	--	--------------

---



FISKERIDIREKTORATET  
Region Sør

Forvaltningsseksjonen  
Postboks 185 - Sentrum  
Strandgaten 229  
5804 BERGEN

Saksbehandler: Erik Ludvigsen  
Telefon: 41422074  
Seksjon: Region Sør forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 09/16647  
Deres referanse: 2009016237  
Vår dato: 20.10.2009  
Deres dato:

Att:

## **OVERSENDINGSBREV - HØYRINGSBREV - FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN**

Fiskeridirektoratet Region Sør har følgende kommentarer til høringsbrevet med forskrift;

Innledningsvis bemerkes at det synes å skape unødig forvirring når det i Hardangerfjorden legges opp til at forvaltningsreformen ikke gjøres gjeldende. Når denne løsningen likevel har gode grunner for seg, er det nødvendig at i merknadene til forskriftens paragraf 10 bør det presiseres at søknader knyttet til utvidelser og klarering av lokaliteter i Hardangerfjorden, avgjøres av Fiskeridirektoratet. Det er videre nødvendig at fylkeskommunene blir gjort uttrykkelig oppmerksom på at de ikke får overført tildelingsmyndigheten hva gjelder Hardangerfjorden.

### *Geografisk virkeområde*

Forslaget om å ta Ølen-Vindafjord ut av Region Sør sitt forvaltningsområde er vi ikke enig i. Likhetsprinsippet i forvaltningsretten gjelder i sin alminnelighet og vil selvsagt også legges til grunn for praktiseringen av Hardangerfjordforskriften. Våre medarbeidere vil også på lengre sikt ha nytte av inngående kjennskap til denne forskriften, noe som bare oppnås ved selv å praktisere den.

Siden kyststrømmen går inn Bømlafjorden og nordover langs Langenuen, synes det fornuftig å ta området med i forskriften.

### *Alternative måter for å redusere biomassen*

Dersom et stort flertall oppdrettere blir enige om hvordan biomassen kan reduseres, vil det åpenbart være en fordel. Dersom forsøket på å finne en slik løsning mislykkes, vil direktoratet måtte avgjøre saken ut fra de foreslåtte kriteriene. Det eneste som skiller alternativ 1 og 2, er

næringens mulighet til selv å påvirke beslutningen direkte. Alternativ 2 er således alternativ 1 sin subsidiære løsning.

Det finnes dermed ingen nedside; men oppsiden med å la næringen selv få bestemme hvordan reduksjonen skal finne sted, vil være stor. Det er grunn til å anta at næringen selv er de nærmeste til å ta bærekraftige beslutninger, som er gjennomførbare og som effektivt lar seg sette ut i livet.

Med hilsen

Ove Knappskog  
Fung.regiondirektør

Erik Ludvigsen  
seksjonssjef

Forvaltningsseksjonen  
Postboks 185 - Sentrum  
Strandgaten 229  
5804 BERGEN

Sakshandsamar: Mona Bakke Svarstad  
Telefon: 91620364  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 09/16648-3  
Dykkar referanse: 2009016237  
Vår dato: 22.10.2009  
Dykkar dato: 28.08.2009

## **SVAR PÅ HØYRINGSBREV - FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN.**

Vi viser til oversendingsbrev – høyringsbrev- datert 26.08.2009 – forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden.

Innleiingsvis vil vi gje uttrykk for at høyringsbrevet er systematisk og lett oversikteleg utforma. Fiskeridirektoratet Region Vest har vurdert forslaget og vil kommentere forslaget opp mot utkast til forskrift som vart utarbeidd av Prosjekt Bærekraftig Oppdrett Vestlandet i fjor, samt høyringsbrevet frå Fiskeri- og kystdepartementet.

### **1 VEDRØRANDE BAKGRUNNSINFORMASJON**

#### **1.1 Bruk av begrep**

Summen av løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjorden (med den avgrensinga som ligg inne i instruksen) er 78.578 tonn MTB (sjå vedlagt tabell). Figur 1 i høyringsforslaget som viser total kapasitet på løyvenivå opp mot utnyttta kapasitet kunne ha vore betre definert. Vi er usikre på tydinga av denne og ser i det vidare bort frå den. I staden har vi laga nokre tabellar som viser utvikling i ståande rapportert biomasse i Hardanger og i Hordaland frå 2005 – 2008.

Ein del av selskapa har alle sine løyve knytt til lokalitetar i "Hardangerfjorden" og produserer all sin fisk i fjorden. Andre har sine løyve knytt til lokalitetar både i og utanfor fjorden og vil derfor berre produsere ein del av sin MTB knytt til løyvet innanfor fjorden.

Selskapa har ein total selskaps- eller konsernbiomasse innanfor regionen der konsesjonane kan vera knytt opp mot lokalitetar både innanfor og utanfor Hardangerfjorden og dei har mange utsett fordelt på vår og haust, smoltstorleik ved utsett og slaktevekt.

Å fastsetje produksjon, kapasitet og utnyttta kapasitet ut frå maksimalt tillete biomasse (MTB) er ei komplisert øving. Årsaka til dette er først og fremst at regelverket som styrer næringa er samansett av faktorar som regulerer næringa på MTB både på løyve- og lokalitetsnivå.

I vedlegg 1 har vi lagt ved figurar som viser utviklinga av ståande biomasse i Hardangerfjorden frå 2005 tom. august 2009, utvikling i rapportert ståande biomasse elles i Hordaland og i heile Hordaland. Dette viser at prosentvis auke i produksjonen i Hordaland truleg er i samsvar med produksjonsauken i resten av landet for 2009. Dersom ein samanliknar produksjonen i Hardanger med produksjonen i heile Hordaland i tilfeldige

månader, her januar, mai og august, vil ein sjå at andel av samla produksjon varierar frå 38-50 % med eit snitt på 45%. Det viser ingen tendens i retning av at større andel av samla produksjon i Hordaland skjer i Hardanger gjennom desse åra. Auke i rapportert ståande biomasse i Hardanger frå 2005 til 2009 har likevel vore stor, i snitt for månadene januar til september på 79% i desse åra.

## **1.2 Erfaring med "frys-instruksen"**

Fiskeridirektoratet Region Vest har handheva instruksen etter retningslinene. Det har vist seg at næringsaktørane i stor grad har flytta biomasse frå mindre eigna lokalitetar, til lokalitetar dei har vurdert til å vera gode. Den totale lokalitetsbiomassen har ikkje auka i perioden, men som tabellar og diagram viser, er det ein generell tendens mot at den ståande biomasse aukar år for år. Dette kan kanskje skuldast mindre tap som følgje av sjukdom eller at det vert sett ut meir fisk. Det er elles i fylket observert at aktørar set ut meir fisk enn det som vert sett på som forsvarleg ut frå fiskehelse/fiskevelferd og lokalitetsbiomasse, der ein løyser "problemet" i høve til risiko for å overskrida lokalitetsbiomasse med fortløpande utsortering/slakting av den største fisken over fleire månader. Dette ser ut til å vera eit produksjonsregime som er tiltakande, og ikkje ynskjeleg sett frå forvaltninga si side når det gjeld smittepress frå lakselus. Dette er likevel ein lovleg tilpassing til MTB regimet.

Etne-elva har lenge vore forholdsvis upåverka i høve til rømt fisk, men dei siste teljingane gjev grunn til uro. Sjølv om næringa per i dag er regulert i høve til maksimalt tillatt biomasse (MTB), ber vi departementet vurderer ei avgrensing i høve til tal på fisk og storleiken på merdane. Det vil gje betre kontroll i høve til lakselus (antal vertar og moglegheit for effektiv avlusing av merdar) og risiko for rømming.

Fiskeridirektoratet Region Vest gjer merksam på at såkalla "slaktemerdar" eller "ventemerdar" i tilknytning til slakteri, utgjer ein stor risiko i høve til spreiding av resistente lakselus. Då det fyrst og fremst er lakselus som er bakgrunnen for at det vert igongsett særskilt forvaltingsregime for Hardangerfjorden finn vi det påfallande at det ikkje vert igongsett tiltak i høve til slaktemerdar.

## **2 FORSLAGET TIL FORSKRIFT**

Fiskeridirektoratet Region Vest har vurdert forslaget til forskrift, og vil vidare gje våre innspel til dei einskilde paragrafane.

### **§ 1. Formål**

*"Formålet med forskrifta er å bidra til å sikre ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i Hardangerfjorden, medrekna bæreevna til fjordområdet, forhold knytt til fiskehelse, omsynet til ville bestandar av laksefisk og den langsiktige grunnlaget for utvikling i akvakulturnæringa." Omsynet til sportsfiske er ikkje teken med, og vi ser det som naturleg at ein vurderar å forby all fangst av anadrom laksefisk innanfor sona, forutan utfisking av oppdrettsfisk, så lenge ein har ei særskilt Hardangerfjordforskrift. Etneelva har truleg den einaste oppegåande og livskraftige laksestamma i området, og denne elva bør difor nyttast*

som referanseelv og indikator i forhold til bærekraft, samt den elva tiltak først og fremst bør rettast mot. I forhold til Lakse- og aurestammene i dei andre vassdraga i Hardanger kan Fiskeridirektoratet Region Vest ikkje sjå at biomassereduksjon (og andre tiltak i forhold til oppdrett) vil medføre noko vesentleg endring av situasjonen, utan at det vert supplert med andre tiltak som storstilt kultivering mm.

### **§ 2. Sakleg verkeområde**

"Oppdrett" bør erstattast med "akvakultur" (ref. Lov om akvakultur).

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår at marin fisk ikkje skal omfattast av forskrifta. I tillegg har dei utforma forslag til "Nye bestemmelser om torskeoppdrett" som foreslår å stanse tildelinga av løyve av marin fisk i området som er omfatta av forskrifta for Hardangerfjorden.

I forslaget til forskrift foreslo prosjektgruppa at forskrifta også skulle omfatte marin fisk. Når Fiskeri- og kystdepartementet oppnår same resultat gjennom "Nye bestemmelser om torskeoppdrett", støttar vi det framlagde forslaget. Stans i tildeling bør også omfatte dyrking av blåskjel for å gje ytterlegare rom for endringar i driftsstrategiar.

### **§ 3. Geografisk verkeområde**

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår at forskrifta skal gjelde innanfor eit område som omfattar Hardangerfjorden, Klosterfjorden og Bømlafjorden. Dei ber vidare om å få innspel på om forskrifta bør omfatte Langenuen og om nordre del av Ølen-Vindafjord bør leggjast inn under Fiskeridirektoratet Region Vest forvaltings- og kontrollmessig.

Når det gjeld Langenuen, viser vi til at dersom straumtilhøva i Stokksundet og Langenuen påverkar miljøtilhøva i Hardangerfjorden i same grad, bør desse omfattast eller utelukkast frå forskrifta på same vis. Ut frå dette meiner vi at Langenuen må takast med i verkeområdet til forskrifta. Dersom Langenuen vert tatt med vil summen av løyve gå opp, og det må takast med i betraktning i høve til å setje eit tak for produksjonen i området. Dei ulike alternativa for reduksjon som er vurdert frå vår side, vil slå ulikt ut for dette området. For eksempel vil ein reduksjon i høve til datoen for oppheving av flytteforskrifta (alt.a) medføre at dei fleste av løyva i Langenuen vil gå ut, då dei fleste av lokalitetane her er etablert etter dette.

FKD vurderer å leggje nordre del av Ølen-Vindafjord inn under Fiskeridirektoratet Region Vest forvaltings- og kontrollmessig. Det er viktig at alle saker i området blir handsama på same vis, og vi støttar FKD i dette forslaget.

Vi ber FKD vurdere å utvide yttergrensa mot sør til fylkesgrensa. Det ligg per i dag ein lokalitet med 3 løyve på utsida her, medan alle dei andre lokalitetane til desse løyva ligg innanfor grensa. Sør for denne lokaliteten går det eit naturleg skilje ved Sletta som er eit stort oppdrettsfritt område.

Dei berekningar, vurderingar og utgreiingar vi har gjort i samband med dette skrivet er basert på framlegg til forskrift og det geografiske verkeområdet i §3. Dersom det er aktuelt å utvide verkeområdet, ser vi det nødvendig å lage nye tabellar som grunnlag for ny vurdering av konsekvensar av tiltaket.

#### **§ 4. Definisjonar**

Ordet "bestemt" bør byttas ut med "fastsett" eller "spesifisert" eller særskilt. "Oppdrett", som over.

Samlokalisering: I driftsforskrifta er samlokalisering definert til å gjelde to eller fleire innehavarar, medan det i § 37 i laksetildelingsforskrifta gjeld same person. Dette var bakgrunnen for at ein i forslaget til forskrift laga ein ny definisjon; samlokalisering i Hardangerfjorden. Definisjonen som no ligg inne i forslaget tek ikkje høgde for om ein innehavar melder inn fleire konsesjoner på same lokalitet, noko som kan medføre ei produksjonsauke i like stor grad som om det er ulike innehavarar på lokaliteten.

#### **§§ 5, 6 og 7. Avgrensing av produksjonen**

*§ 5. Forbod mot tildeling av løyve eller lokalitet og melding om samlokalisering*  
"Giast" bør erstattast med "gjevast".

I forslaget som vart sendt inn til FKD i fjor, var marin fisk inkludert i paragrafen. Bakgrunnen for dette var mellom anna overføring av sjukdom mellom torsk og laksefisk. I tillegg kan eventuelle nye lokalitetar for torsk redusere sjansane for å få til store smittehygieniske fellesområde med branngater (ref. Mattilsynet sine avstandskrav). Dersom marin fisk ikkje skal inkluderast kan same art strykast i § 5, 3.ledd: "summen av lokalitetsbiomasse i løyve tildelt for same art".

I merknadene til §5 står det at det følgjer av §5 andre ledd at styresmaktene kan gje dispensasjon frå forbodet osv. Her meiner ein vel tredje ledd? Slik vi lesar §5, er ikkje dette ein dispensasjonsheimel, men ein stadfesting av det forvaltningsregimet som er praktisert i området i dag. Næringa er ikkje ferdig med å strukturere seg på ein best mogeleg måte i høve til begrensning av smitte, etablering av "branngater" med meir. Det vil derfor vere nødvendig å foreta endringer i lokalitetstrukturen og klarere nye lokaliteter. Dette er ikkje særlege tilfelle og bør ikkje handterast som dispensasjonssaker. (Det same gjeld og resten av Hordaland)

*§ 6. Regional MTB for løyve til laksefisk i Hardangerfjorden:*

I framlegg til forskrift er det skissert to alternative framgangsmåter for reduksjon av løyver i Hardangerfjorden. Vi finn derimot dei to skisserte alternativa lite eigna for å handtere ein reduksjon.

##### **Alternativ 1**

I alternativ 1 skal næringa sjølv komme opp med forslag til korleis reduksjonen skal skje. I tillegg skal direktoratet bruke nærmare fastsette reglar (§ 6 i FKD sitt forslag til forskrift) slik at vedtaket blir forholdsmessig og rimelig for alle partar.

Fiskeridirektoratet Region Vest meiner at dette forslaget vil vere vanskeleg å gjennomføre. Det er mellom anna ikkje lett å få oversikt over konsesjonar, lokalitetar, og tidspunkt for når den eine og andre konsesjon og lokalitet vart flytta inn til Hardanger. Dette er forhold som Fiskeridirektoratet sjølv også må bruke mykje ressursar på å kartlegge. Vi meiner derfor at oppgåva er for kompleks til å pålegge næringa å løyse. I tillegg vil dette krevje mykje



samarbeid mellom mange aktørar, noko som også gjer arbeidet vanskelegare enn om det var få aktørar. Dersom Fiskeridirektoratet så skal inn i ein slutfase og kvalitetssikre utfallet av eit slikt opplegg, er vi redde for at det er vanskeleg om ikkje umogeleg å finne løysingar som blir rettferdig for alle partar.

#### Alternativ 2

I alternativ 2 skal Fiskeridirektoratet vurdere alle løyvene som er knytt til lokalitetar i Hardangerfjorden ut frå visse kriterium, som ansinitet, høve til å flytte ut av fjorden og kor stor del av gitt biomasse som er brukt i fjorden dei seinaste tre åra før frysevedtaket.

Fiskeridirektoratet Region Vest finn heller ikkje dette forslaget formålstjeneleg av same årsaker som nevnt under alternativ 1. I tillegg meiner vi at framlegget vil krevje store ressursar i forvaltninga og utstrak bruk av skjønn.

Vi meiner ein reduksjon må gjerast så enkel og regelstyrt som mogeleg der ein reduserar bruk av skjønn til eit minimum. Mest av alt hadde det vore ynskjeleg at ein del bedrifter frivillig ville flytte løyva ut av området. Eventuelt kunne ein ha laga til ei form for ”gode” til dei som ville flytte ut.

Reduksjonen skal vere gjennomført til 01.10.2011. Vi meiner det er urealistisk at ei så stor omlegging av produksjon kan skje innan så kort tid.

Når det gjeld kor stor del av biomassen innanfor løyvet som er utnytta i tidsrommet 01.04.2005 til 01.04.2008, så er dette som tidlegare nevnt ein vanskeleg rekneoperasjon. Fleire aktørar har lokalitetar både utanfor og innanfor Hardangerfjorden. Det vil være særst vanskeleg å finne ein fordelingsnøkkel som viser utnyttingsgrad av løyve i det eine eller andre området. Ein må her minne om at det knyter ulikt tal løyve til kvar lokalitet.

Summen av løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjorden var **78 578 tonn MTB** då instruksjonen trådte i kraft. Ståande biomasse i Hardanger pr. september 2009 ligg under 50000T, vi antar at næringa dette året produserer maksimalt av det dei har løyve til og med den tilpasning næringa har gjort til det forvaltningsregimet vi har i dag, vil ikkje ståande biomasse i Hardanger komme over 50000T, men dette vil vi ikkje vite sikkert før ved utgangen av året.

Vi finn framlegga til framgangsmåte for reduksjon av biomasse så ressurskrevjande i form av saksbehandlarkapasitet og skjønnsmessige vurderingar. Vi vil derfor presentere 3 alternative reknemåtar der vi søker å eliminere bruk av skjønn i så stor grad som mogeleg.

I høyringsbrevet s 5 nederst, er det presisert av MTB som ikkje kan nyttast i Hardangerfjorden, kan nyttast på klarerte lokalitetar i region Vest som ikkje er omfatta av verkeområdet til forskriften. Dette betyr at selskapa som er lokaliserte i området må tildelast ein Hardangerfjord MTB. For dei som har alle sine lokalitetar i området må selskapet sin Hardangerfjord MTB være lik den totale MTB for selskapet, og hvis dei får klarert lokalitet utanfor må selskapet sin samla MTB auke til det nivå som er gitt av generelle rammer for MTB. Frå dette kan ein avlede at selskap som har lokalitetar utanfor og innanfor området har høve til å utnytte sin totale MTB ved å legge større del av produksjonen utanfor Hardanger,

medan dei som har alle sine lokalitetar innanfor må få ein reduksjon i sin totale MTB. Då dei fleste selskap som har all sin drift innanfor området er små selskap har vi kome med eit framlegg i alternativ b) om å skjerme dei som har 3 eller færre løyve og i c) om å innføre eit "minstefradrag" på 3 løyve før reduksjon.

#### *Reduksjon alternativ a*

*Forskrift om endring av forskrift 7.november 1985 nr. 1903 om flytting og utvidelse av anlegg for oppdrett av matfisk og stamfisk av laks og ørret i sjøvann (også kalla flytteforskrifta) vart oppheva 09. februar 2004 og erstatta med Forskrift om klarering av lokaliteter for oppdrett av matfisk og stamfisk av laks, ørret og regnbueørret i sjøvann.* Flytteforskrifta medførte at det berre var i spesielle høve ein kunne flytta løyve som var gjeve i ein kommune over i andre kommunar. Dette vart handsama strengt i Hordaland. Opphevinga av flytteforskrifta opna for at innehavarar kunne senda melding om samlokalisering på lokalitetar ein hadde innanfor regionen. Vårt forslag er at ein set 09.02.04 som skjeringsdato, og at alle løyver som fekk godkjenning på lokalitetar i Hardangerfjorden frå og med denne datoen, må flytta ut att (med unntak av 4 løyve som var tildelt i tildelingsrunden i 2003, og som fekk klarert lokalitet/ar 12.02. og 20.02.04, samt 1 løyve til visning som fekk løyve 05.06.07 i Kvam herad). Det vil medføra at summen av løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjorden vert **52 058 tonn MTB** (sjå tabellen i vedlegg 2). I praksis vil ståande biomasse til ei kvar tid verta lågare enn dette, då ein har ulike utsett (vår og haust), produksjonstid på 15-18 månader samt produksjon på lokalitetar på utsida.

Bakgrunnen for vår uro over utviklinga i Hardanger var oppheving av flytteforskrifta og innmelding av konsesjoner til Hardanger i 2004. Næringa tilpasset seg raskt denne forskrifta, slik at vi truleg ser resultater fra dette allereie i ståande biomasse for 2005. Region Vest har ikkje tilgang til tal for ståande biomasse i området for år før 2005. På bakgrunn av dei tal vi har henta frå biomassedatabasen er det ikkje mogeleg å sjå om det har vore ein auke i produksjonen i området som står i samsvar til auke i tal på løyve som er flytta inn i området.

#### *Konsekvens:*

Dersom denne løysinga blir vald vil 7 av 21 selskap bli ramma. Her under Sørvest Laks AS som har tidsavgrensa løyve til å drive i området til 2012 og vil gå ut likevel.

Hellesund Fiskeoppdrett AS har bare ein lokalitet i sona, som ligg Vindafjord i Rogaland, som skulle vært trekt tilbake grunna passivitet. Dei er heller ikkje rekna å ha "selskaps MTB" i sona. Dei andre selskapa er Bremnes Seashore AS, som totalt sett har ein selskaps MTB på 10920 Tonn MTB i området, av denne biomassen er det fire løyver, registrert på lokaliteten Svollandsneset i Rogaland og som er på totalt 3120 tonn, som er registret inn i sona etter at flytteforskrifta vart oppheva.

Kobbevik og Furuholmen oppdrett AS har 3 løyve i området på 2340 tonn MTB registrert på lokaliteten Koløyholmen, eit av løyva på 780 tonn er flyttet inn etter at flytteforskrifta vart oppheva. Quatro Laks AS har 2 løyve på 780 tonn kvar, der eitt er flyttet inn i sona etter at flytteforskrifta vart oppheva.

Rogaland Fjordbruk AS (Alsakergruppa) har flytta inn fire løyve på lokaliteten Ilholmen i Vindafjord kommune.

MarineHarvest Norway AS har ein samla selskaps MTB på 14118 tonn i sona, der løyve tilsvarande 8580 tonn MTB er flytta inn i etterkant av flytteforskrifta.

Sjøtroll Havbruk AS har 19 løyve på totalt 15600 tonn MTB, 10 av løyva er flyttet inn i etterkant og tilsvarar 7800 tonn MTB

Alle selskapa har tilpassa seg eit lovleg forvaltningsregime innført i 2004.

#### *Reduksjon alternativ b*

Dersom ein tek utgangspunkt i at selskap som har 3 eller færre standardløyver skal "skjermast", og for resterande selskap gongar summen av løyve med 0,5 vil det medføra at summen av løyve vert **51519 tonn MTB** (sjå tabell i vedlegg 2). For å komme fram til dette tallet har vi tatt utgangspunkt i at eit løyve = 780 MTB. 6 av tildelte løyve er større. (Lingalaks AS som har 6 løyve med ein total MTB på 4400 tonn grunna visningskonsesjon på 500 t, er oppjustert til 2340 tonn MTB.) Som over vil det i praksis bety at ståande biomasse til ei kvar tid vert lågare enn dette, då ein har ulike utsett (vår og haust), produksjonstid på 15-18 månader samt produksjon på lokalitetar på utsida.

#### *Konsekvens:*

I dette tilfellet vil Bremnes Seashore AS sitje igjen med 5460 tonn MTB i sona, av 10920 tonn.

Alsakergruppa med Tysnes Fjordbruk AS, Sunnhordland Fjordbruk AS, Fjellberg Fjordbruk AS og Rogaland Fjordbruk AS, vil sitje igjen med 5460 tonn, av 10920 tonn.,

Lingalaks AS med 6 løyve – alle lokaliteter i Hardangerfjorden, vil sitje igjen med ein MTB på 2340 tonn( her har me runda oppover til 3\*780 tonn, fordi me har sett nedre grense på 3 konsesjonar).

Marine Harvest med 13 løyve vil få redusert sin MTB i området med frå 14118 tonn til 7059 tonn MTB.

Sjøtroll Havbruk AS med 19 løyve vil få redusert sin MTB frå 15600 tonn 7800 tonn.

#### *Reduksjon alternativ c*

Alternativ b skjermar selskap som har 3 eller færre standard løyver i forhold til nedbygging. I høve til likebehandling av alle selskap i Hardangerfjorden vil det kanskje vere meir rettferdig at alle får "skjerma" 3 standardløyver uavhengig av storleiken på selskapa og at MTB over dette vert ganga med 0,5. Det vil medføra at summen av løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjorden vert mellom **57 619** og **59 569 tonn MTB** avhengig av korleis ein reknar fråtrekk for dei som har konsern MTB (per selskap eller per konsern). Som over vil det i praksis bety at ståande biomasse til ei kvar tid vert lågare enn dette, då ein har ulike utsett (vår og haust), produksjonstid på 15-18 månader samt produksjon på lokalitetar på utsida.

#### *Konsekvens:*

Bremnes Seashore AS vil med denne modellen få 6630 tonn MTB igjen.

Alsakergruppa med Tysnes Fjordbruk AS, Sunnhordland Fjordbruk AS, Fjellberg Fjordbruk AS og Rogaland Fjordbruk AS, vil havne ulikt ut alt etter som korleis ein vurderar selskapa og konsernbiomassen (har ein konsernbiomasse i Hordaland og ein i Rogaland). Me har her valt å sjå det på konsernbiomasse nivå. Alsakergruppa vil då sitje igjen med ein MTB i sona på 6240 tonn av 10920 tonn, men her kan ein ha ulike innfallsvinklar.

Marine Harvest Norway AS vil få ein konsernbiomasse på 8229 tonn.

Sjøtroll Havbruk AS vil få 8970 tonn.

Uansett kva modell ein veljer vil det være vanskeleg å få plassert biomassen andre stadar i regionen, men me har vald å skjerme dei under 3 konsejonar fordi det praksis vil være svært vanskeleg for desse små selskapa å drive i 2 sonar med adskilte biomassetak, der kanskje ein konsesjon bare kunne drivast utanfor "Hardangersona", noko som i praksis truleg vil medføre at dei må flytte ut heile produksjonen frå sona.

Det totale MTB taket vil verte omtrent likt for dei tre presenterte forslaga til reduksjon. Likevel vil forslaga gje forskjellige utslag i forhold til produksjon, mellom anna fordi selskapa har ulik fordeling i forhold til produksjonen innanfor og utanfor Hardangerfjorden, og fordi dei har ulik fordeling mellom konsesjons MTB og lokalitets MTB, spesielt vil dette gjelde for selskap der det er lokalitets MTB som er avgrensande faktor. Sidan alternativa vil ramme dei ulike selskapa på forskjellig måte, vil det også verte ulikskapar i kva for område reduksjonen vil skje.

Dei ulike modellane vil også slå ulikt ut dersom ein ynskjer å ta med Langenuen i Hardangerfjorden. Dei fleste selskapa som driv oppdrett i Langenuen no, tok lokalitetane i bruk først etter at flytteforskrifta trådte i kraft.

Fiskeridirektoratet Region Vest vil gjere merksam på at eit einseitig fokus på Hardangerfjordområdet og konsesjons-og lokalitets MTB kan verke mot si hensikt i forhold føremåla med forskrifta. Mellom anna er problema med røming, lus og sjukdom ikkje noko særskilt "Hardangerfjord-problem", men grunna små villfiskbestandar og mykje oppdrettsaktivitet i området vil ein kanskje sjå utviklinga her først. Det har også vore gjort relativt stor forskingsinnsats i området i forhold til andre oppdrettsområder. Dette kan ha medført at ein er meir merksam på problema her enn i andre områder. Fiskeridirektoratet Region Vest fryktar at ein ved einseitig og storstilt forskyving av produksjonen til andre område i regionen kan forskyve problema, og forsterke dei.

#### **§ 7. Biomassetak i Hardangerfjorden**

Dersom marin fisk ikkje skal inkludast i forskrifta, er det ikkje naudsynt å bruka ordlyden "summen av biomasse i løyve tildelt for same art".

#### **§ 10. Tilsyn og vedtak**

Vi registrerer at det er føreslått at Fiskeridirektoratet får heimel i høve til §§ 5, 6, 7 og 11. Slik vi tolkar § 5, vil det medføre at forvaltningsansvaret i høve til utvidingssøknader, klarering av nye lokalitetar samt endringar (utviding av biomasse og utviding/ending av areal) i Hardangerfjorden fortsatt vil liggja under Fiskeridirektoratet etter 01.01.2010. Etter Forvaltningsreforma skal denne del av Fiskeridirektoratet sitt forvaltningsområde overført til Fylkeskommunen. Framlegget står og i kontrast til det som står i høyringsbrevet under økonomiske og administrative konsekvensar, der det blir førespegla at det er oppgåva med å redusera produksjonskapasiteten i Hardangerfjorden som vil bli lagt til Fiskeridirektoratet. Vi må be om at forskrifta blir utforma på ein slik måte at det ikkje er tvil om fordeling av oppgåver mellom Fiskeridirektoratet og Fylkeskommunen. Dersom det er meininga at heile forvaltningsansvaret for dette området skal ligge hos Fiskeridirektoratet region Vest vil dette få konsekvenser for ressursbruken i regionen og det vil bli nødvendig å styrke regionen med

saksbehandlar stilling då tre av seks saksbehandlere innanfor fagområdet har meldt overgang til Fylkeskommunene i Hordaland og Sogn og Fjordane.

### **§ 13. Ikrafttreding mv.**

Gjennom vårt arbeid med utarbeiding av forslag til forskrift framgjekk det at suksesskriterium og evaluering av forskrifta var særst ønskjeleg frå både næring, miljøorganisasjonar og forskingsmiljø. Det var derimot uråd å finne eigna objektive og kvantitative målefaktorar. Vi vil derfor oppfordre om at det vidare arbeid med dette vert prioritert, og at forskrifta vert oppheva når ein har nådd målet i høve til desse måleparametrane.

## **3. ØKONOMISK OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSNAR**

### **3.1 Konsekvensar for Fiskeridirektoratet Region Vest**

Vi visar til at vi er usikre på tolkinga av §5 om forvaltningsansvaret for Hardangerfjord området. Dersom dette forvaltningsansvaret ikkje skal førast over til Fylkeskommunen vil dette krevje ekstra ressursar i Region Vest.

Hyppigare kontrollar i området vil krevje større ressursar til kontroll. Gjennomføring av forskrifta i form av saksbehandling vil bli svært krevjande, avhengig av kva alternativ som blir vald for reduksjon i biomasse. Innføring av eige biomassetak for kvar einskild aktør i fjorden, vil krevje ekstra saksbehandlerkapasitet. Endring i driftsopplegg på grunn av utflytting av produksjon vil føre til meir arbeid med godkjenning av driftsplanar.

Region Vest har frå før store utfordringar innan forvaltning/kontroll av akvakultur og har så langt hatt knapphet på ressursar til å gjennomføre pålagde oppgåver. Regionen "flyt" på at vi har hatt stabil og dyktig arbeidsstokk over fleire år. I samband med Forvaltningsreforma går tre av våre røynde saksbehandlarar over til Fylkeskommunen, og vi har tre tilbake. Det seier seg sjølv at sjølv om klarering av lokalitetar og tildeling av nye løyve går over til Fylkeskommunen, sit vi igjen med ein stor arbeidsbyrde som blir ytterlegare forsterka med innføring av denne forskriften.

Frå vår uttale til framlegg til forskrift vil vi ta med følgjande:

"Omtrent 1/3 av lokalitetane som er i bruk i Hordaland er per d.d. lokaliserte i området som er omfatta av Hardangerfjordforskrifta. Auka fokus på kontroll i dette området må føre til hyppigare kontrollar enn det som gjeld for området utanfor. Generelt gjeld at kvar lokalitet i snitt skal bli kontrollert kvart tredje år. Dersom ein legg til grunn at omsynet til ville stammar av laks og sjøaure veg like tungt i Hardangerfjorden som omsynet til villaksen i Nasjonale laksefjordar (NLF), skal det etter noverande kontrollregime gjennomførast ein årleg kontroll ved alle lokalitetar der det blir produsert laksefisk, jf. St. prp. 32 (2006 – 2007) kap. 6.2.2. I tillegg skal anlegg for andre arter enn laks og aure bli kontrollerte som før. Dette vil føre til ei tredobling av ressursbehovet for gjennomføring av kontrollar i dette området og tilsvarende ressursbruk regionen brukar i dag for heile Hordaland.

I tillegg til kontrollar på anlegga vil innføring av særskilt biomassetak og/eller tak på tal fisk i anlegga for "Hardangerfjord løyva" føre til auka belastning i høve til handsaming av søknader og kontroll av eit nytt regime for regulering av næringa.

Fiskeridirektoratet sitt regionkontor har ansvar for tekniske kontrollar (NYTEK) og biomasse (MTB) kontrollar, kontrollar i samband med melding om rømming, samt oppfølging av melding om rømming frå ukjent kjelde. Saman med Mattilsynet har vi ansvar for IK revisjonar i regionen."

Fiskeridirektoratet Region Vest hadde inntil hausten 2009 6,5 stillingar (7 personar) som stod for forvaltning og kontroll av akvakulturverksemd i regionen. Frå november 2009 har vi 3,5 stillingar (4 personar) tilbake, alle ved vårt kontor i Bergen. Regionen har med dette for liten kapasitet til å gjennomføre oppgåvene innan dette fagfeltet sjølv utan ei soneforskrift for Hardangerfjorden. Innføring av ei eiga Hardangerforskrift vil krevje yttarlegare ressurser. I vår oversending av framlegg til Hardangerforskrift, tok vi ikkje høgd for overføring av oppgåver til Fylkeskommunen. Den gang skreiv vi at vi ville ha trong for to nye stillingsheimlar for gjennomføring av framlegg til forskrift. Då var ikkje reduksjon av lovleg tildelt biomasse tema. Slik utkast til forskrift ligg føre no, vi det krevje ytterlegare ressurser. Samla sett vil region Vest på kort sikt ha trong for å bli tilført 4 årsverk for forvaltning og kontroll av akvakulturnæringa i regionen. Vi antar at på sikt vil 2 av dei vil være direkte relatert til Hardanger forskrifta, medan det i starten vil krevje større ressursar.

### **3.2 Konsekvensar for næringa**

Framleggt til Hardangerfjordforskrift vil ramme aktørane ulikt. Uavhengig av kva alternativ ein vel for reduksjon vil ein skilde selskap bli hardare ramma enn andre. Konsekvensane for næringa vil ein måtte sjå i lys av dei ulike alternativa for reduksjon, og er omtala i vår kommentar til §6.

Krav til gjennomføring av forslaget til Hardangerfjordforskrift kan virke sterkt konkurransevridande. Det er derfor viktig at næringa får tid til å planleggje og gjennomføre omorganiseringa. Vi vil vidare peike på at næringa har hatt tid til å tilpassa seg "frys" instruksjonen som alle selskap i fjorden er blitt berørt av. Produksjonen i Hardangerfjorden har innanfor dagens regime, sjøl om det er grunn til å anta at alle selskap produserer det dei er i stand til innanfor tildelt MTB, ikkje på noko tidspunkt overskride 50000T ståande biomasse. Etter vårt syn er ikkje forslaget om reduksjon i biomasse tilstrekkelig kunnskapsbasert sett i lys av dei konsekvenser dette får for ein skilde aktørar, og for oppdrettsnæringa på Vestlandet. Ein må i denne samanheng vurdere om ikkje målet med frys instruksjonen alt er oppnådd utan å legge yttarlegare kostnader på akvakulturnæringa i Hardangerfjorden.

### **3.3 Konsekvensar for miljøet**

Vi vil her gje innspel til eit prøveprosjekt for å kunne spore rømt oppdrettsfisk. Ideen til prosjektet går ut på at ein skal ta prøver frå alle utsett før fisken blir utsett i sjø. Ved rømming av fisk på eit seinare tidspunkt frå ukjent kjelde, vil ein ikkje vere avhengig av å ta prøvar frå ulike anlegg, for å kunne samanlikne med prøvar frå den rømte fisken. Vi ber om at dette innspelet vert vurdert i samband med forsking- og overvåkningstiltak for Hardangerfjorden.

#### 4. AVSLUTNING

Departementet presiserer at MTB som ikkje kan nyttast i Hardangerfjorden, kan nyttast på klarerte lokalitetar i region Vest som ikkje er omfatta av verkeområdet til forskrifta. Vi viser til forskrift av 13.10.09 der det er sett stopp for klarering av lokalitetar i dei fleste av kommunane i Hordaland. Det vert i praksis svært vanskeleg å finna nye område for ein konsesjonsbiomasse på inntil ca. 30 000 tonn innen region Vest. Departementet bør her vurdera om ein skal kunna gje løyve til flytting til andre regionar.

Vi ber også om at framdriften av Hardangerfjordforskriften må samordnes og vurderes opp mot "Forskrift om økning av maksimalt tillatt biomasse for tillatelser til akvakultur med laks, ørret og regnbueørret i 2010".

Næringa har gjennom det siste året tilpassa seg "frysforskrifta", og ståande biomasse har ikkje på noko tidspunkt overstige 50000 MTB. Samtidig er næringa i gong med omorganisering basert på PD-planen, og "Forskrift om økning av maksimalt tillatt biomasse for tillatelser til akvakultur med laks, ørret og regnbueørret i 2010" som stoppar utvikling i store delar av regionen, er nylig trådt i kraft. Dersom ein i tillegg til allereie eksisterande tiltak vel å setje i verk Hardangerfjordforskrifta, må forventta effekt av tiltaka vere kunnskapsbasert forankra. På den eine sida vil ei eventuell innføring av forskrifta få store organisatoriske og økonomiske konsekvensar for mange aktørar. På den andre sida set vi med eit inntrykk av å ikkje kjenne til effekten av reduksjonane, korkje for området produksjonen vert flytta frå eller til. Særleg meiner vi situasjonen i andre områder, og effekten av ei eventuell auke må verte vurdert før val av metode.

Til slutt vil vi presisere at alternativa med konsekvensar er sett opp ganske detaljert for å kunne vise at konsekvensane blir svært ulik for dei forskjellige bedriftene. I og med at konsekvensane for den enkelte bedrift er så store, er det særst viktig at grunnlaget for beregninga er riktig. Vi vil derfor samtidig be om å bli kontakta dersom nokon av desse alternative blir fulgt opp vidare.

Brevet er godkjent elektronisk og oversendes uten signatur.

Vedlegg:

1. Biomasse lokalitetsnivå Hordaland 05-09.
2. Oversikt MTB med alternative reduksjoner.

Med helsing

Hans Haddal  
regiondirektør

Mona Bakke Svarstad  
rådgiver

The first part of the document discusses the importance of maintaining accurate records of all transactions. It emphasizes that every sale, purchase, and transfer must be properly documented to ensure compliance with tax laws and to provide a clear audit trail. The text also mentions the need for regular reconciliation of accounts to identify any discrepancies early on.


Furthermore, the document highlights the significance of staying up-to-date with changes in tax regulations. Tax laws are subject to frequent amendments, and businesses must be proactive in monitoring these changes to adjust their financial practices accordingly. This section also touches upon the importance of seeking professional advice from accountants or tax consultants to navigate complex tax situations.

In conclusion, the document serves as a comprehensive guide for businesses looking to optimize their financial management. By following the outlined principles and practices, companies can ensure they are meeting their legal obligations while maximizing their financial performance.

The following section provides a detailed breakdown of the various financial statements that a business should maintain. It covers the balance sheet, income statement, and cash flow statement, explaining how each one is prepared and what information it provides. The text also discusses the importance of these statements in making informed business decisions and in communicating financial health to stakeholders.



### Biomasse i tonn i H. inkl Hardanger





INNEHAVAR	REG.NR.	MTB	MTB selskap	Alt. 1	Alt. 2	Alt. 3	Merknad
AL NORDSJØ A/S	H B 0006	780		780			
AL NORDSJØ A/S	H B 0029	780	1560	780	1560	1560	
BOLSTAD FJORDBRUK A/S	H J 0007	780		780			
BOLSTAD FJORDBRUK A/S	H KM0014	780		780			
BOLSTAD FJORDBRUK AS	H SO0010	780	2340	780	2340	2340	
BREMNES SEASHORE AS	H B 0005	5460		5460			
BREMNES SEASHORE AS	H B 0022	780		780			
BREMNES SEASHORE AS	H B 0036	780		780			
BREMNES SEASHORE AS	H J 0003	780		780			
BREMNES SEASHORE AS	H K 0040	780		780			
BREMNES SEASHORE AS	R SS0018	780		0			
BREMNES SEASHORE AS	R ST0002	780		0			
BREMNES SEASHORE AS	R ST0011	780	10920	0	5460	6630	
BRILLIANT FISKEOPPDRETT AS	H B 0003	780		780			
BRILLIANT FISKEOPPDRETT AS	H B 0008	780	1560	780	1560	1560	
EIDE FJORDBRUK A/S	H K 0032	780		780			
EIDE FJORDBRUK A/S	H K 0033	780		780			
EIDE FJORDBRUK A/S	H K 0063	780	2340	780	2340	2340 *	
ENGESUND FISKEOPPDRETT A/S	H FJ0010	780	780	780	780	780	
ESPEVÆR FISKEOPPDRETT A/S	H B 0002	780		780			
ESPEVÆR FISKEOPPDRETT A/S	H B 0012	780	1560	780	1560	1560	
FJELBERG FJORDBRUK A/S	H K 0013	780		780			****
FJELBERG FJORDBRUK A/S	H K 0035	780		780			
FJELBERG FJORDBRUK A/S	H K 0051	780		780			
FJELBERG FJORDBRUK A/S	H K 0062	780	3120	780	1560	2730 *	
FYLKESNES FISK A/S	H B 0021	780		780			
FYLKESNES FISK AS	H B 0009	780		780			
FYLKESNES FISK AS	H FJ0005	780	2340	780	2340	2340	
HANDELSFORENINGEN FREMSKRIDT AS	H B 0007	780		780			
HANDELSFORENINGEN FREMSKRIDT AS	H B 0044	780	1560	780	1560	1560 *	
HELLESUND FISKEOPPDRETT AS	VAF 0016	780		0			
HELLESUND FISKEOPPDRETT AS	AAL 0001	780	1560	0	1560	1560	
KOBBEVIK OG FURUHOLMEN OPPDRETT AS	H AM0002	780		0			
KOBBEVIK OG FURUHOLMEN OPPDRETT AS	H FJ0014	780		780			
KOBBEVIK OG FURUHOLMEN OPPDRETT AS	H FJ0022	780	2340	780	2340	2340 *	
LINGALAKS AS	H KM0001	780		780			
LINGALAKS AS	H KM0004	780		780			
LINGALAKS AS	H KM0005	780		780			
LINGALAKS AS	H KM0018	780		780			
LINGALAKS AS	H KM0022	780		780			
LINGALAKS AS	H KM0024	500	4400	500	2340	3370 **	
MARINE HARVEST NORWAY AS	H E 0005	780		780			
MARINE HARVEST NORWAY AS	H F 0007	780		0			
MARINE HARVEST NORWAY AS	H F 0008	2340		0			
MARINE HARVEST NORWAY AS	H F 0009	2340		0			
MARINE HARVEST NORWAY AS	H J 0004	780		780			
MARINE HARVEST NORWAY AS	H J 0005	780		780			
MARINE HARVEST NORWAY AS	H K 0028	1638		1638			
MARINE HARVEST NORWAY AS	H K 0037	780		780			
MARINE HARVEST NORWAY AS	H K 0039	780		780			
MARINE HARVEST NORWAY AS	SFFL0001	780		0			
MARINE HARVEST NORWAY AS	SFFL0007	780		0			
MARINE HARVEST NORWAY AS	SFSU0002	780		0			
MARINE HARVEST NORWAY AS	SFSU0006	780	14118	0	7059,00	8229	

QUATRO LAKS A/S	H FS0013	780		0		
QUATRO LAKS AS	H SO0002	780	1560	780	1560	1560
ROGALAND FJORDBRUK AS	R SD0003	780		0		****
ROGALAND FJORDBRUK AS	R SD0005	780		0		
ROGALAND FJORDBRUK AS	R SD0021	780		0		
ROGALAND FJORDBRUK AS	R TV0001	780	3120	0	1560	2730
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H AV0011	1560		0		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H AV0014	780		0		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H AV0021	780		0		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H AV0040	780		0		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H B 0023	780		780		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H E 0002	780		780		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H FJ0001	780		780		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H FJ0006	780		780		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H FJ0008	780		780		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H K 0036	780		780		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H L 0016	780		0		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H OR0003	780		0		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H OR0005	780		0		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H OR0006	780		0		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H OR0007	780		0		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H OR0008	780		0		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H SO0001	780		780		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H T 0007	780		780		
SJØTROLL HAVBRUK A/S	H T 0010	780	15600	780	7800	8970
SUNNHORDLAND FJORDBRUK A/S	H E 0001	780		780		****
SUNNHORDLAND FJORDBRUK A/S	H K 0034	780	1560	780	1560	1560
SØRVEST LAKS AS	H KM0019	780	780	780	780	780 ***
TOMBRE FISKEANLEGG AS	H FS0005	780		780		
TOMBRE FISKEANLEGG AS	H KM0009	780		780		
TOMBRE FISKEANLEGG AS	H KM0017	780	2340	780	2340	2340
TYSNES FJORDBRUK A/S	H T 0003	780		780		****
TYSNES FJORDBRUK A/S	H T 0006	780		780		
TYSNES FJORDBRUK A/S	H T 0016	780		780		
TYSNES FJORDBRUK A/S	H T 0020	780	3120	780	1560	2730

\*: Løyve tildelt i tildelingsrunden 2003, lokalitet/ar klarert 12.02 og 20.02.04

\*\* : H-KM-24 er visningsløyve tildelt 05.06.07, knytta mot ein spesifikk lokalitet i Kvam herad.

\*\*\*: H-KM-19 er gjeve løyve frå Fiskeridepartementet til å driva i region Vest til og med 31.12.2012 (opphavleg frå Aust-Agder, AA-L-4)

\*\*\*\*: Selskapa er del av Alsaker-konsernet.

<b>Antal løyve</b>	<b>89 stk.</b>			
<b>Summen av løyve</b>	<b>78578 t MTB</b>	<b>52058</b>	<b>51519</b>	<b>59569</b>